




# Viltet i Fedje

Kartlegging av viktige viltområde  
og status for viltartane



Fedje kommune og  
Fylkesmannen i Hordaland  
2003



# Viltet i Fedje

## Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane

Fedje kommune og  
Fylkesmannen i Hordaland  
2003

MVA-rapport 9/2003

---

**FOTO PÅ FRAMSIDA** (frå toppen):

**Raudnebbterne.** Viktig viltart i Fedje, som desverre er i sterk tilbakegang (Foto: Ingvar Grastveit).

**Innesøyane naturreservat** ligg heilt nord i Fedje. Dette er ein av dei aller beste hekkekoloniane for sjøfugl i Hordaland i dag. Holmengrå i bakgrunnen.

**Toppskarv.** Toppskarven er ein relativt ny hekkefugl på Fedje, med ein stad mellom 5 og 10 hekande par på Holmengrå pr. 2003 (Foto: Ingvar Grastveit).

**Sekkjedalstjørna naturreservat.** Verna som naturreservat i 1987, men har desverre vorte fråflytt av fuglane dei seinare åra.

**Steinvendar.** Sjeldan hekkefugl på kysten av Hordaland, men ein mindre bestand finst ved Innesøyane (Foto: Ingvar Grastveit).

**Gråmåse.** Den vanlegaste sjøfuglarten i Fedje (Foto: Ingvar Grastveit).

**Frosk.** Ein av få viltartar på fedje som ikkje har venger (Foto: Ingvar Grastveit)



<b>Ansvarlege institusjonar:</b> Fedje kommune og Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavingdelinga	<b>Rapport nr:</b> MVA-rapport 9/2003
<b>Tittel:</b> Viltet i Fedje. Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane	<b>ISBN:</b> 82-8060-016-7 <b>ISSN:</b> 0804-6387
<b>Forfattarar:</b> Stein Byrkjeland og Olav Overvoll	<b>Tal sider:</b> 43 s. + vedlegg
<b>Kommunalt prosjektansvarleg:</b> Aage Husa	<b>Dato:</b> 14.11.2003
<p><b>Samandrag:</b> Etter initiativ frå Fylkesmannen si miljøvernavingdeling, har Fedje kommune gjennomført ei kartlegging av viktige viltområde i kommunen. Målet med kartlegginga har vore å gje kommunen ei oppdatert oversikt over viktige viltområde til bruk i arealforvaltinga og å presentere ein kunnskapsstatus for viltet i kommunen.</p> <p>Medan tidlegare viltkart nesten utelukkande omhandla jaktbare artar, omfattar den nye kartlegginga alle viltartar i høve til det utvida viltomgrepet. Dvs. alle førekomande artar innan gruppene amfibiar, krypdyr, fugl og landpattedyr. Eit utval av artar og funksjonsområde er kartlagt, og for Fedje sin del dreier det seg stort sett om sjøfugl. Det er elles lagt særleg vekt på truga og sårbare artar (raudlisteartar) og fåtalige artar med spesielle habitatkrav.</p> <p>Det er vanleg å dele kartverket i fire tema: (1) hjortevilt, (2) småvilt, (3) opplysningar unnateke offentlegheit og (4) prioriterte viltområde (viktige- og svært viktige viltområde). Bestanden av hjort på Fedje er liten og nyetablert og det er difor ikkje kartlagt funksjonsområde for denne arten her. Kartet over prioriterte viltområde vil vere det viktigaste i overordna plansamanheng. Dette kartet er vedlagt rapporten.</p> <p>Rapporten er eit viktig supplement til karta og inneheld generelt stoff om viltforvalting, litt om korleis kartlegginga i Fedje har blitt gjennomført, ein omtale av dei prioriterte viltområda og ei oversikt over alle viltartar som er registrerte i kommunen.</p> <p>Eitt område i Fedje er avmerka som svært viktig viltområde og 10 som viktige. Det er registrert 235 viltartar i kommunen: 2 amfibium, 228 fugleartar og 5 pattedyrartar.</p> <p>Fedje er ein liten kommune, difor har ein nokså god oversikt over viltførekomstane i kommunen. Men situasjonen for viltet kan endre seg, både naturleg og som ein følge av tekniske inngrep og endra arealbruk. Difor er det naudsynt å oppdatere kartverket med jamne mellomrom, både for å fange opp endringar i arealbruk og ny kunnskap om viltet.</p>	
<p><b>Referanse:</b> Byrkjeland, S. &amp; Overvoll, O. 2003. Viltet i Fedje. Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane. - Fedje kommune og Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 9/2003: 43 s. + vedlegg.</p>	
<p><b>Emneord:</b> Fedje kommune, viltkartlegging, biologi, zoologi, amfibiar, krypdyr, fuglar, pattedyr</p>	
<p>Fedje kommune 5947 Fedje Tlf: 56 16 51 00, Fax: 56 16 51 19 <a href="http://www.fedje.kommune.no">www.fedje.kommune.no</a></p>	<p>Fylkesmannen i Hordaland Miljøvernavingdelinga Postboks 7310 5020 Bergen Tlf: 55 57 22 00, Fax: 55 57 22 01 <a href="http://www.fylkesmannen.no/hordaland">www.fylkesmannen.no/hordaland</a> <a href="http://www.miljostatus.no/hordaland">www.miljostatus.no/hordaland</a></p>



## FORORD

Dei siste åra har alle kommunar i Noreg teke til med å kartleggje sitt biologiske mangfald meir i detalj. Som ein del av dette arbeidet er viktige viltområde i Fedje no kartlagt.

Fedje har teke del i eit samarbeid med Austrheim og Masfjorden kommunar om dette, og Stein Byrkjeland har gjort arbeidet i desse kommunane. Det har vore etablert ei interkommunal styringsgruppe som har gjeve innspel og hjelp undervegs i arbeidet. Eit større møte vart halde i Austrheim i august 2002. På dette møtet deltok også Bjørn Moe, som har kartlagt naturtypar i dei same kommunane. Det har vore eit løpande samarbeid med Bjørn Moe under prosjektet, og vi har vore saman om noko av feltarbeidet.

Arbeidet byggjer på feltregistreringar i 2001 og 2002, samt tidlegare registreringar særleg i samband med kartleggjing av sjøfuglførekomstar på kysten av Hordaland til ulike årstider. Det er særleg fuglevilt som er viktig i ein så utprega øykommune som Fedje, og ettersom staden ikkje er så stor i areal og dertil har ein «eksotisk» klang mellom fugleinteresserte, kan ein rekne viltførekomstane i kommunen som rimeleg godt kartlagde pr. 2003. Naturgeografisk er Fedje i ei særstilling mellom kommunane i Hordaland, og dette vert klart spegla gjennom viltførekomstane: Berre eit fåtal artar pattedyr opptrer naturleg her, men når det gjeld fuglar er Fedje den kommunen i Hordaland som har den lengste lista over registrerte artar.

Det har diverre teke teke noko meir tid enn ein opphavleg tenkte å samanfatte denne rapporten, men det er å håpe at innhaldet vil verte brukt i framtidig kommunalt planarbeid og sakshandsaming, og at ein med tida kan oppdatere kunnskapsgrunnlaget når dette er å sjå på som påkravd. Aller helst bør dette gjerast løpande, all den tid at førekomstane av mange artar heile tida er i endring, og kanskje finn desse endringane stad særleg raskt i dei ytre kystkommunane i vårt fylke.

November 2003

*Stein Byrkjeland*

*Olav Overvoll*

## Førekomst av overvintrande sjøfugl i Fedje kommune 26.2.2003

Denne dagen var vertilhøva særst gode, og ei totalteljing av overvintrande sjøfugl i området vart gjort ved hjelp av kystvaktbåten KV *Titran*. Tala vert rekna som ganske representative for dei mengdene som faktisk var til stades, men svartbak og gråmåse er utan tvil noko underrepresenterte ettersom desse artane også finst ein del inne på hovudøya på Fedje.


På kartet er den geografiske fordelinga til ærfugl (●), svartbak (●), gråmåse (●), storskarv (●) og toppskarv (●) plotta. Eitt og same plott samlar ofte opp småflokkar i det same området, så kartet gjev ikkje alle detaljar om fordelinga.

### Totale sjøfuglmengder Fedje kommune 26.2.2003:

Smålom	1
Storskarv	105
Toppskarv	101
Gråhegre	1
Ærfugl	1017
Sjørørre	1
Svartand	107
Siland	13
Havelle	84
Svartbak	601+
Gråmåse	313+
Fiskemåse	8
Lomvi	10
Teist	2

### Tal ind.

- 1-5
- 6-15
- 16-50
- 51-100
- >100





# INNHALD

<b>FORORD</b> .....	<b>5</b>
<b>INNHALD</b> .....	<b>7</b>
<b>1. INNLEIING</b> .....	<b>9</b>
BAKGRUNN.....	9
LOVGRUNNLAG.....	10
INTERNASJONALE KONVENSJONAR.....	10
ANDRE SENTRALE DOKUMENT.....	10
KVIFOR SIKRE EIT MANGFALD AV VILTARTAR.....	11
<b>2. UTFORMING AV VILTKARTVERKET</b> .....	<b>12</b>
PRAKTISKE PROBLEM VED VILTKARTLEGGING.....	12
KVA SKAL KARTLEGGAST?.....	12
UTFORMING AV VILTKARTVERKET.....	13
KORLEIS BRUKE VILTKARTA?.....	13
VILTRAPPORTEN.....	14
BRUKARAR AV KARTFESTA INFORMASJON OM VILTET.....	14
OPPDATERING OG REVISJON AV VILTKARTA.....	14
<b>3. METODIKK FOR ARBEIDET I FEDJE</b> .....	<b>15</b>
ORGANISERING AV PROSJEKTET.....	15
INNSAMLING AV INFORMASJON.....	15
KARTFRAMSTILLING.....	15
<b>4. NATURGRUNNLAGET</b> .....	<b>16</b>
GEOGRAFISK PLASSERING OG AREALBRUK.....	16
LANDSKAP OG GEOLOGI.....	16
KLIMA.....	16
VEGETASJON.....	16
<b>5. SKILDING AV VILTOMRÅDA I FEDJE</b> .....	<b>17</b>
SVÆRT VIKTIGE VILTOMRÅDE.....	18
VIKTIGE VILTOMRÅDE.....	18
<b>6. TRUA OG SÅRBARE ARTAR I FEDJE</b> .....	<b>21</b>
GENERELT OM TRUGA OG SÅRBARE ARTAR.....	21
RAUDLISTER.....	21
<b>7. STATUS FOR VILTET I FEDJE</b> .....	<b>24</b>
AMFIBIAR.....	24
KRYPDYR.....	24
FUGLAR.....	24
PATTEDYR.....	37
<b>8. KVA BØR KARTLEGGAST BETRE?</b> .....	<b>39</b>
<b>9. BRUKARINTERESSER I NATUREN OG KONFLIKTAR I FORHOLD TIL VILTET</b> .....	<b>40</b>
SKOGBRUK.....	40
JORDBRUK.....	40
FRILUFTSLIV OG FERDSLE.....	40
JAKT.....	40
FAUNAKRIMINALITET.....	41
BUSTADOMRÅDE OG INDUSTRI.....	41
VASSDRAGSREGULERING.....	41
KRAFTLEIDNINGAR.....	41
AVFALL.....	41
OPPDRETTSANLEGG.....	42
<b>10. INFORMANTAR</b> .....	<b>43</b>
<b>11. LITTERATUR</b> .....	<b>43</b>
<b>VEDLEGG I. ARTSLISTE</b> .....	<b>45</b>
<b>VEDLEGG II. KART</b> .....	<b>51</b>



## 1. INNLEIING



*Fedje er vår minste kommune, og nesten alt areal i kommunen - både på land og sjø - er å rekne som areal for viltet. Det gjeld faktisk også hamnebassengeet. Her ligg ein livskraftig raudnebbternekoloni på Kræmmarholmen, og ein del sjøfugl nyttar vågen som næringsssøksområde. Mellom anna er vågen fast vinterstad for inntil 4-5 dvergdukkarar, noko som gjer staden til det nest viktigaste området for arten i vårt fylke.*

### BAKGRUNN

Naturområda våre blir i aukande grad utsette for inngrep av ulike slag. Utbygging av bustadfelt, industri og andre naturinngrep utgjer eit stadig større press på areala. I denne samanhengen er det viktig å kunne integrere viltinteressene i planarbeidet. Bakgrunnen for å lage eit viltkartverk er først og fremst eit ynskje om at viltinteressene i større grad skal bli tatt omsyn til i arealforvaltinga, mest på lokalt nivå gjennom kommuneplanen sin arealdel, men òg regionalt og nasjonalt. Dei offentlege brukarane av kartverket vil først og fremst vere kommunen, fylkeskommunen, fylkesmannen og Direktoratet for naturforvaltning.

Det er òg eit ynskje at viltkartverket skal vere med å auke kunnskapen og interessa for vilt blant kommunen sine innbyggjarar. Difor er det viktig at kart og viltrapport blir tilgjengeleg for skular og naturinteresserte i kommunen.

Tidlegare viltkart har vore prega av einseitig fokusering på det jaktbare viltet. Dei nye viltkarta er meir omfattande og skal i prinsippet omfatte alle viltlevande landpattedyr, fuglar, amfibium og krypdyr. Dette er i tråd med det såkalla utvida viltomgrepet, jf viltlova §2. Det er ikkje økonomisk mogleg å kartleggje alle funksjonsområde for alle viltartar, det er heller ikkje praktisk forvaltingsmessig sett. Difor er det i kvar kommune gjort eit utval over kva artar og artsgrupper ein ut frå lokale, forvaltingsmessige omsyn meiner det er viktig å få kartlagt. Typiske døme er særleg viktige vinterbeite og trekkveggar for hjort, hekkeplassar for rovfugl, spelplassar for storfugl, sjøfuglkoloniar, våtmarkslokalitetar og spettelier (skoglier med gammal lauv- og blandingsskog, eldre ospeholt og god tilgang på daud ved). Førekost av truga og sårbare artar står sjølv sagt òg sentralt. På denne måten ynskjer ein å kartfeste område som er av særskilt verdi for ulike viltartar, og som ein difor bør ta spesielle omsyn til i arealplanlegginga.

## LOVGRUNNLAG

At ein skal ta omsyn til viltet og viltet sine leveområde er grunnfesta i lovverket. Viltlova er den mest sentrale, men fleire andre sektorlover har relevans for viltforvaltninga.

- *Viltlova* legg rammer for forvaltninga og utøving av jakt og fangst. Sentralt står føremålsparagrafen, §1, som slår fast at *viltet og viltet sine leveområde* skal forvaltast slik at naturen sin produktivitet og artsmangfald blir teke vare på. §7 fastset at *omsynet til viltinteressene skal innpassast i arealplanlegginga i kommune og fylke*. Innpassing av viltinteressene i arealplanlegginga krev solid kunnskap om viltet i det aktuelle planområdet. Kunnskapen om ulike funksjonsområde må vere kartfesta, slik at arealplanleggjarar i sitt daglege arbeid kan ta dei naudsynte omsyn. Viltlova fastset òg at *vedkommande styresmakt på eit tidleg stadium i planlegginga skal søke samarbeid med viltorganona*.
- *Plan- og bygningslova* pålegg kommunen m.a. å utarbeide kommuneplanar for arealdisponeringa der alle samfunnsinteresser, også viltinteressene, skal vurderast.
- *Skoglova* legg rammene for bruk og utnytting av skogareala. Lova sitt føremål er å fremje skogproduksjon, skogreising og skogvern, men lova fastslår òg at det skal leggjast vekt på skogen sin funksjon som livsmiljø for plantar og dyr og som område for jakt og fiske. I Hordaland er ein relativt liten del av arealet skogkledd (om lag 17%), men skogsmiljøa er viktige viltbiotopar. Forvaltning og drift av desse områda er difor svært viktige i viltforvaltings-samanheng.
- *Naturvernlova*. Områdevern og vern av ein-skildobjekt skjer med heimel i naturvernlova. Områdevern er eit viktig verkemiddel for å sikre spesielle naturområde. Særleg viktig i vilt-samanheng er opprettinga av sjøfuglreservat og våtmarksreservat.
- *Friluftsløva* skal først og fremst avklare forholdet mellom grunneigarar og friluftsfolk, men lova nemner òg at ferdsel i utmark skal føregå omsynsfullt overfor grunneigarar, brukarar og andre. Ein skal difor ta omsyn til viltet ved ferdsel i skog og mark.
- *Lov om motorferdsel i utmark* har som utgangspunkt at motorisert ferdsel i utmark skal vere forbode. Lova sitt føremål er å regulere motorferdsel i utmark og vassdrag *med sikte på å verne om naturmiljøet og fremme trivselen*. To tilhøyrande forskrifter av 1988 er òg sentrale her.

## INTERNASJONALE KONVENSJONAR

Noreg har ratifisert (underteikna og gitt si tilslutning til) fleire internasjonale avtalar som er sette i verk for å sikre det biologiske mangfaldet. Internasjonale avtalar forpliktar også på lokalt plan, fordi det er her den praktiske forvaltninga finn stad.

- *Ramsarkonvensjonen* (1975) gjeld vern av våtmarksområde, særleg med tanke på fuglar.
- *Washingtonkonvensjonen – CITES* (1975) regulerer den internasjonale handelen med trua og sårbare viltartar.
- *Bernkonvensjonen* (1979) har som føremål å verne europeiske artar av ville dyr og plantar, og leveområda deira.
- *Bonnkonvensjonen* (1979) gjeld vern av trua og sårbare viltartar som regelmessig kryssar landegrensene (trekkjande artar).
- *Riokonvensjonen eller biodiversitetskonvensjonen* (1993) legg opp til nasjonale prosessar der partane sjølv må identifisere biologisk mangfald som krev bevaringstiltak. Partane er dessutan forplikta til å utvikle nasjonale strategiar for berekraftig bruk og bevaring av biologisk mangfald. Riokonvensjonen er den som i størst grad har konsekvensar på lokalt plan fordi den understrekar verdien av lokalt biologisk mangfald. Denne konvensjonen har truleg vore ei viktig årsak til at den nasjonale forvaltninga ynskjer å satse på ei landsdekkjande, kommunevis kartlegging av biologisk mangfald.

## ANDRE SENTRALE DOKUMENT

Fleire dokument utgjevne av styresmaktene er sentrale i forhold til viltforvaltning. Gjennom stortingsmeldingane gir styresmaktene uttrykk for korleis ein ynskjer å forme politikken på spesielle område i åra framover. Her uttrykkjer ein gjerne politiske målsetjingar og kva verkemiddel ein vil setje i verk får å nå desse.

- St. melding nr. 13 (1992-93) om FN-konferansen om miljø og utvikling i Rio de Janeiro
- St. prp. 56 (1992-93) om samtykke til ratifisering av konvensjonen om biologisk mangfald
- St. melding nr. 31 (1992-93) Den regionale planleggingen og arealpolitikken
- Miljøverndepartementet sitt rundskriv til kommunane (T-937) "Tenke globalt - handle lokalt"
- St. melding nr.58 (1996-97) Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida.
- St. melding nr. 8 (1999-2000) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand
- St. melding nr. 42 (2000-2001) Biologisk mangfald. Sektoransvar og samordning

## KVIFOR SIKRE EIT MANGFALD AV VILTARTAR

Grunnen til at vern av viltet har blitt gjenstand for både internasjonale og nasjonale lovverk og avtalar er mange, men dei fleste er bygde på erkjeninga at vi sjølve er ein del av naturen og heilt avhengige av naturprodukt for å overleve. Grovt sett kan argumenta delast inn i tre hovudgrupper:

Økonomiske- og materielle argument: Menneska har til alle tider vore avhengige av viltet for å overleve, og i nyare tid har viltet mange stader blitt ein viktig økonomisk ressurs. Sjølv om ikkje alle dyreartar er like viktige økonomisk og materielt i dag, kan mange artar truleg bli viktige for oss i framtida.


Eit *genetisk mangfald* er òg viktig for menneska si materielle og økonomiske utvikling. Husdyra våre er framavla frå eit fåtal ville artar. Ved stadig seleksjon på enkelte eigenskapar dukkar det nesten alltid opp uforutsette problem, ved at visse uynskte eigenskapar følgjer dei ynskte. Seleksjon på eit fåtal eigenskapar fører òg til tap av genetisk variasjon. Ville populasjonar kan i denne samanheng vere viktig som kjelde til «nytt» genetisk materiale. Genforskning på ville dyr kan òg vere viktig i sam-

band med vidare husdyravl fordi det hjelper oss til å forstå dei naturlege seleksjonsmekanismene.

Kulturelle- og estetiske argument: Storviltjakt kan vere ein økonomisk viktig ressurs, men det er neppe økonomien som er drivkrafta bak jegeren sin motivasjon for å drive jakt. Jakt har lange kulturelle tradisjonar, og det å drive jakt er kanskje òg ein del av mennesket sin nedarva biologi. Både for jegeren og andre natur- og friluftinteresserte, er opplevinga av naturen i seg sjølv ofte det viktigaste. Og sjølv om særinteressene er mange (fotografering, ornitologi, botanikk, bærplukking, mosjon osv.), er eit mangfald av viltartar ofte ei kjelde til rikare naturoppleving.

Etiske- og moralske argument: Mennesket er den einaste dyrearten som med fullt medvit kan utrydde andre artar. Dette gir oss eit særskilt ansvar. Mange hevdar at alle levande organismar har den samme retten til eksistens, uavhengig av om dei synes til nytte eller skade for mennesket. Vi har òg eit ansvar i forhold til framtidige generasjonar sine moglegheiter for naturbruk og naturopplevingar.

*Faunaen er stadig i endring. For eit par tiår sidan var ein svært ottefulle for framtida til grågåsa i Sør-Noreg. Mot slutten av 1980-talet tok tilbakegangen slutt, og snudde til framgang. I dag er grågåsa jamt utbreidd i den ytre kystsona i Hordaland, og nettopp Fedje utmerkar seg med den sterkaste bestanden. Pr. 2003 reknar ein bestanden i heile Fedje kommune til å ligge ein stad mellom 35 og 50 hekkepar. Foto: Ingvar Grastveit.*



## 2. UTFORMING AV VILTKARTVERKET



*Sjøfuglane utgjør nokre av dei viktigaste viltressursane i ein kommune som Fedje. Heilt nord og vest i kommunen har det dei seinare åra bygd seg opp fleire viktige myteområde for ærfugl. Her samlar ærfuglhannar seg i juli-august for å felle vengefjóra. Ettersom dei fellar alle desse fjóra samstundes er dei flygeudyktige i ein periode, og såleis sær sårbar. Dette er grunnlaget for at området vert klassifisert som eit sær viktig viltområde. Foto: Stein Byrkjeland.*

### PRAKTISKE PROBLEM VED VILTKARTLEGGING

Dei ulike viltartane set ulike krav til leveområda sine. Eit leveområde skal dekke fleire funksjonar, først og fremst næring, hekke-/yngleplass og skjul. Nokre artar er spesialiserte, medan andre artar er meir tilpassningsdyktige og kan finnast i ei rekkje ulike biotopar. Enkelte små plante- og insektetarar kan klare seg med leveområde på berre nokre titals kvadratmeter, medan t.d. hønehauken gjerne brukar eit areal på 20-50 km<sup>2</sup>. Dei store rovdyra er ekstreme i sitt krav til storleik på leveområde. T.d. reknar ein med at ei familiegruppe av gaupe (ho med to ungar) treng eit leveområde på ca. 500 km<sup>2</sup>. Einslege hanngauper kan ha leveområde på opptil 1500 km<sup>2</sup>.

Det som først og fremst avgjer storleiken på leveområdet er næringstilgangen (og sjølv sagt dyret sin storleik og økologiske nisje). Kor stort leveområde eit individ eller eit ynglepar med ungar treng kan variere geografisk, alt etter lokal næringstilgang. For mange artar forandrar kravet til leveområde seg også med årstidene, både når det gjeld storleik og kvalitet.

### KVA SKAL KARTLEGGAST?

Momenta nemnde ovanfor gjer viltkartlegginga komplisert og det er umogleg å fange opp alle viktige funksjonsområde for alle artar. Alle artar krev heller ikkje like store omsyn. Ein har difor

gjort eit utval av artar og funksjonsområde som skal kartleggast. Område ein ser det som viktig å få oversikt over i Hordaland er:

- Særleg viktige vinterbeite og særleg viktige trekkvegar for hjort og evt. elg og rådyr. Vinterbeite er berre interessant i kommunar i indre delar av fylket, der snørike vintrar kan skape problem for hjorteviltet.
- Alle funksjonsområde for villrein (kalvingsområde, beiteområde, trekkvegar).
- Viktige funksjonsområde for «sjøfugl» (m.a. viktige hekkeområde og større, årvisse konsentrasjonar i samband med rasting eller overvintring).
- Viktige funksjonsområde for «våtmarksfugl» (m.a. hekkeområde for sjeldne og fåtalige artar, viktige raste- og overvintringsområde).
- Viktige funksjonsområde for spettar («spette-lier»). Eldre skog på høg bonitet med godt innslag av eldre lauvtre (særleg osp) og god tilgang på daud ved.
- Spelplassar for storfugl.
- Hekkeplassar for rovfuglar og hubro.
- Viktige funksjonsområde for raudlisteartar.

Nokre funksjonsområde er relativt enkle å avgrense, som t.d. artsrike våtmarksområde, faste hekkeplassar, rasteområde og spelplassar. Det er atskillig verre å avgrense ein art sitt leveområde, og ei slik avgrensing vil vere skjønsmessig. Når det gjeld leveområde har ein lagt vekt på å kartfeste område for arealkrevjande og/eller fåtalige artar med spesielle biotopkrav.

Slike artar knyter det seg ofte store forvaltingsmessige utfordringar til fordi leveområda, grunna storleiken, ofte blir utsette for fragmentering. Blant dei mest aktuelle artane i Hordaland er villrein, hønehauk, storfugl og kvitryggspett.

Andre område som er stabile over fleire år og enkle å kartfeste blir òg gjerne registrerte under viltkartlegginga, slik som hekkekoloniar av gråhegre og sandsvale og reirplassar for ravn. Men desse områda vil vanlegvis ha låg forvaltingsmessig interesse.

## UTFORMING AV VILTKARTVERKET

Alle kommunar som har gjennomført viltkartlegging har dei kartfesta opplysningane på digital form. På denne måten kan kartdata lett tilpassast kommunen sitt kartinnsynsverkty, og kommunen kan framstille kart med ulike tema etter behov.

Å samle alle viltopplysningane på *eit* kart fører ofte til at kartet blir lite lesbart fordi det inneheld for mykje informasjon. Ved utskrift av viltkart er det vanleg å dele informasjonen på fire tema-kart:

(1) *Hjortevilt*. Oversikt over hjorteviltet sine viktigaste beiteområde og trekkveggar. Når det gjeld beiteområde for hjort kan enkelte vinterbeite vere viktige å få kartfesta. Dette gjeld helst i område i indre strok av Hordaland der det er sannsynlig at tilgang på vinterbeite kan vere ein minimumsfaktor i snørike vintrar.

(2) *Småvilt*. Oversikt over viktige førekomstar og funksjonsområde for småviltet. I praksis dreier denne informasjonen seg stort sett om fuglar. Men spesielt viktige førekomstar av amfibiar kan òg vere viktig å kartfeste (t.d. alle førekomstar av stor salamander og særleg store yngleplassar for frosk og padde).

(3) *Skjerma opplysningar*. Nokre opplysningar er unnateke offentlegheit fordi det kan tenkast at opplysningane kan bli misbrukt og at allmen kjennskap til dei kan vere til skade for den aktuelle arten. Dette gjeld m.a. hekkeplassar for enkelte rovfuglartar og spel-plassar for storfugl og orrfugl. Opplysningane er tilgjengelege for sakshandsamarar i kommunen og hos Fylkesmannen, og vil først og fremst bli nytta i tilfelle der ein står framfor konkrete arealinngrep.

(4) *Prioriterte viltområde*. Dette temaet er framstilt med grunnlag i dei tre andre og viser område der viltet bør ha høg prioritet. Kartet over prioriterte viltområde vil vere det viktigaste når det gjeld å trekke opp dei store linjene i arealplanlegginga.

Ein deler dei prioriterte viltområda i to kategoriar; svært viktige viltområde og viktige viltområda.

### Svært viktige viltområde

Dette er område som ut frå artsførekomstar og funksjon blir vurderte å vere spesielt viktige. I desse områda bør viltinteressene bli tillagt avgjerande vekt i arealplanlegginga. Tekniske inngrep som fører til forringing av områda sin verdi for viltet er uynskt. Det same gjeld tiltak som fører til auka ferdsel og uroing i området. Ved planlegging av tiltak eller aktivitetar i slike område er det viktig at viltansvarlege på kommune- og fylkesnivå blir kontakta tidleg i planprosessen slik at negative konsekvensar blir så små som mogleg.

### Viktige viltområde

Også i desse områda bør ein gi viltinteressene høg prioritet i arealsaker. Desse områda har ikkje like avgjerande kvalitetar for viltet som dei svært viktige viltområda. Likevel gjeld dei same retningslinjene her.

Også i områda utanfor dei prioriterte viltområda pliktar ein å ta normale omsyn til viltet (jamfør Viltlova)!

Enkelte område som ikkje har kome med i viltkartlegginga kan likevel ha ein viktig funksjon for viltet. På Fedje, som generelt er fattig på tre- og buskvegetasjon, vil til dømes frodige hagar og sjølv tette plantefelt kunne fungere som kvilestad og matfat for småfugl under trekket.

## KORLEIS BRUKE VILTKARTA?

Viltopplysningane kan ha mange bruksområde, men er først og fremst tenkt brukt i kommunal arealforvaltning. Oversikta over prioriterte viltområde (vedlegg II) eignar seg best når dei store linjene i kommuneplanarbeidet skal trekkjast. Dei prioriterte viltområda tyder ikkje vern, men bør sjåast på som ein «ver varsam plakat», der ein ønskjer at viltinteressene skal bli tekne særskilt omsyn til. Dersom det likevel skal gjerast større arealinngrep i slike område, bør dei meir detaljerte opplysningane frå dei andre temakarta nyttast for å prøve å gjere konfliktane så små som råd.

I mange tilfelle vil det vere naudsynt med supplerande undersøkingar i forkant av større arealinngrep. Dette gjeld særleg der dei underliggende artsopplysningane er usikre og mangelfulle.

Dei prioriterte viltområda legg ikkje formelle restriksjonar på vanleg næringsverksemd. Men ved planlegging av større inngrep i slike område oppmodar ein den enkelte grunneigar til å ta særlege omsyn og å rådføre seg med personar med fagkompetanse innan viltbiologi.



*I viltsamanheng er det sjøfuglane som er det viktigaste elementet i ein utprega kystkommune som Fedje. Den mest talrike sjøfuglarten i Hordaland for tida er ærfuglen. Bestanden av ærfugl har vakse til dels sterkt på delar av Vestlandet sidan tidleg på 1990-talet. Ærfuglen er også mellom dei aller vanlegaste fuglane på Fedje, men her er nok svartbak og gråmåse meir talrike i alle fall periodevis. Foto: Ingvar Grastveit.*

## VILTRAPPORTEN

Viltrapporten er ein viktig del av viltkartverket. Her finn ein mellom anna ein kort omtale av dei prioriterte viltområda med ei grunngjeving for kvifor dei har fått høg prioritet. I tillegg blir alle dei ulike artane som er registrert i kommunen omtala. Nokre artsomtalar gir viktig bakgrunn for å kunne sette artsinformasjonen på karta i rett perspektiv.

Viltrapporten bør gjerast tilgjengeleg for alle som jobbar med arealplanlegging i kommunen, t.d. teknisk kontor og landbrukskontoret, og kan med fordel delast ut til skular, organisasjonar og interesserte einskildpersonar.

## BRUKARAR AV KARTFESTA INFORMASJON OM VILTET

Viltkarta er først og fremst meint å vere ein reiskap til bruk i arealplanlegginga. Kommunen er difor viktigaste brukar, men også anna offentlig og privat forvaltning vil kunne bruke desse datasetta i ulike samanhengar. Særleg når det gjeld viktige viltområde i skog, er det viktig at aktuelle grunneigarar blir informert og får tilgang til relevante opplysningar. Skular bør få tilgang til rapport og kart til bruk i lokalundervisninga. Relevante lag, organisasjonar eller enkeltpersonar vil, gjennom kjennskap til kart og rapport, kunne kome med konstruktive innspel til endringar og ny informasjon.

Gjennom Fylkesmannen si miljøvernavdeling og Direktoratet for naturforvaltning blir datasetta fagleg vurderte og lagt inn i Naturbasen. Naturbasen er ein nasjonal database for kartfesta naturinformasjon som no er tilgjengeleg over internet ([www.naturforvaltning.no](http://www.naturforvaltning.no)).

## OPPDATERING OG REVISJON AV VILTKARTA

Jamleg oppdatering av viltkartverket er viktig for å 1) påføre ny kunnskap og 2) fange opp eventuelle endringer i viltet sin bruk av arealet, anten det skuldast naturlege endringer eller endringar som følge av tekniske inngrep. Det blir tilrådd ein årleg gjennomgang av viltopplysningane i samråd med Fylkesmannen, for påføring av nye opplysningar og korrektur. Det blir òg tilrådd ein hovudrevisjon kvart fjerde år i samband med revisjon av kommuneplanen.

Ein har hatt avgrensa ressursar til kartleggingsarbeidet og det er viktig å vere klar over at resultatet ikkje er fullstendig. Ved kartfestinga er det gjort skjønsmessige vurderingar, som nok kan vere gjenstand for diskusjon. Gjennom revideringar, som både inkluderer informasjon frå publikum og feltarbeid utført av fagfolk, vonar ein at presisjonen i viltkartverket vil bli betre med tida.



*Gråmåse — vanlegaste fuglearten på Fedje? Foto: Ingvar Grastveit.*



### 3. METODIKK FOR ARBEIDET I FEDJE

#### ORGANISERING AV PROSJEKTET

Viltområdekartlegginga i Fedje har vore utført parallelt med tilsvarande kartlegging i nabo-kommunane Austrheim og Masfjorden. Prosjektet har hatt ei interkommunal styringsgruppe frå desse tre kommunane, som har vore leia av Solveig Hopen.

Registrering og datainnsamling er utført i samarbeid med Bjørn Moe, som har stått bak kartlegging av naturtypar i det same tidsrommet (sjå Moe 2003).



*Naturen er til vanleg best naturleg. Mange stader i landet har menneske likevel sett ut framande artar utan alltid å tenke på moglege sideverknader, med ulik motivasjon. På Fedje prøvde ein på 1980-talet å introdusere kanadagås. Det slo ikkje heilt til, men stundom kjem slike gjess frå andre kommunar og slår seg ned på Fedje ei tid. Den mest kjende introduserte viltarten på Fedje er villkaninen. Den har historie her heilt tilbake til siste halvdel av 1800-talet. Foto: Ingvar Grastveit.*

#### INNSAMLING AV INFORMASJON

Innsamling og kartfesting av viltopplysningar har blitt gjennomført av viltkartleggjar. Følgjande informasjonskjelder er nytta:

- Områdeopplysningar frå Naturbasen ved fylkesmannen si miljøvernavdeling
- Intervju med lokale personar med kunnskap om og interesser for viltet i kommunen
- Tidlegare viltkart
- Litteratur
- Eigne feltregistreringar
- Sjøfuglregistreringar i regi av fylkesmannen

Artslista er utarbeidd av fylkesmannen si miljøvernavdeling på grunnlag av generell kunnskap om fuglefaunaen i kommunen, opplysningar frå Zoologisk Museum Bergen og gjennomgang av litteratur. Mykje opplysningar er funne ved gjennomgang av *Krompen*, Norsk Ornitologisk Forening sitt regionaltidsskrift for Hordaland.

#### KARTFRAMSTILLING

Vurdering av grenser og verdisetjing av viltområda er gjort i samarbeid mellom viltkartleggjar og Fylkesmannen si miljøvernavdeling.

Manuskarta er digitaliserte av Fylkesmannen i Hordaland etter manuskart i målestokk 1:50 000 utarbeidd av viltkartleggjar. I nokre tilfelle er det nytta digitale markslagskart ved vurdering av områdegrenser.

Den generelle metoden for kartframstilling er skildra i DN-handbok 11 (DN 1996). Her legg ein opp til at karta over prioriterte viltområde blir framstilt ved såkalla overlayanalyse. Denne metoden er, av praktiske grunnar, ikkje brukt i Fedje. Her er avgrensinga av prioriterte viltområde gjort med fagleg skjøn, på grunnlag av opplysningar om artsførekomstar og kunnskap om dei aktuelle artane sine habitatkrav.

## 4. NATURGRUNNLAGET

### GEOGRAFISK Plassering og arealbruk

Fedje kommune ligg heilt nord og ytst i Hordaland, og grensar mot Nordsjøen i vest, Fensfjorden i nord og litt meir skjerma fjordområde mot Austrheim i aust. Kommunen ligg mest isolert og eksponert til i fylket, og eit slikt øysamfunn vil uvilkårleg måtte ha ein del naturgeografiske særpreg. Til dømes har svært få artar av landpattedyr makta å nå staden utan hjelp frå menneske. Kommunen ligg også midt i den viktigaste trekkleia for fuglar langs kysten og er samstundes ein utpost mot Nordsjøen. Viltmessig er det såleis fuglelivet som vil få fokus ein slik stad, noko denne rapporten bærer sterkt preg av.

Fedje er den aller minste kommunen i Hordaland med eit totalareal på berre 9,4 km<sup>2</sup>. Av dette er 0,3 km<sup>2</sup> jordbruksareal i drift og produktiv skog finst mest ikkje (0,1 km<sup>2</sup>). Det er relativt lite ferskvassareal i Fedje, og kystvassdraga som finst er svært små. Strandsona er derimot langt meir framtrèdande, men ofte steil. Marine gruntvassområde finst, men ikkje i stor utstrekning og helst kring dei mindre øyane nord og vest i kommunen.

### LANDSKAP OG GEOLOGI

Alt areal i Fedje ligg lågt, og dei to høgste punkta i kommunen er skapt av menneske (Trafikkentralen og Helligsøy fyr). Høgste punkt frå naturen si side, Fedjebjørnen, ligg berre 42 m o.h. Geologisk sett er Fedje ein del av den norske strandflata, noko ein ville sett mykje lettare dersom ein kunne fjerne havvatnet kring øya. Alle stader rundt øya heller berglaga av gneis mot sjøen, og under vatn ligg laga parallelt med overflata på det undersjøiske fjellet. Store delar av landarealet i Fedje har vore prega av lynghei i lange tider og er forsåvidt enno det, men mykje av denne lyngheia er i dag i ferd med å gro att samstundes som det har gått føre seg innplanting av sitkagran og buskfuru i vesentleg omfang her i etterkrigstida.

Det er generelt svært lite lausmassar i Fedje. Geologisk sett vert kommunen dominert av fast fjell i dagen. Det finst og ein god del torv og myr, ressursar som dei som har budd her har nytta til

som varmekjelde i lange tider. Over heile øya finn ein spor som vitnar om at det har vore teke ut torv til brensel.

### KLIMA

Klimaet i Fedje er i høg grad oseanisk. Ingen annan stad i Hordaland er temperaturskilnadene mellom årstidene og mellom natt og dag mindre enn på Fedje. I vestlandsmålestokk er også nedbøren liten, i gjennomsnitt 1310 mm for året. Om temperatur- og nedbørmålingane ikkje viser dei store utslaga, så tek vinden dess meir. Det er så godt som aldri heilt vindstille, og det er vanskeleg å finne ly. Med vermålingar på Helligsøy fyr heilt frå 1924, har ein eit godt talgrunnlag for å vurdere vindtilhøva: I middel er det i løpet av eit år minst kuling i 107 dagar. Ni av desse dagane vil det blåse storm eller endå sterkare vind.

### VEGETASJON

Vegetasjonsgeografisk høyrer Fedje til den såkalla boreonemorale vegetasjonssona (Moen 1998) og i sterkt oseanisk seksjon med eit vintermildt klima. Historisk sett er vegetasjonen sterkt prega av beiting. Det er minst 4000 år sidan Fedje vart beiteland. Beitepress, lyngsviing, og sterk vind har gjort at øya har vore utan naturleg skog heilt fram til slutten av 1900-talet. Berre nokre lågvaksne og knudrete lauvtre klarte å overleve på stader der dei fekk stå i fred for buskapeen.

Fedje har hatt nokre av dei flottaste lyngheiane og teppemyrane i Hordaland. Faktisk veks det og dvergbjørk på dei fleste myrane. I ytste delen av Hordaland er dvergbjørka sjeldan (Moe 2003) — den er ikkje vanleg å finne på kystmyrane sør for Stadt. Ingen tek lenger ut torv på Fedje. Det er også slutt på lyngsviinga. Sauer er det meir av enn før, fleire hundre i talet, men dei beiter i inngjerda område. Dei seinare åra er det planta eit stort felt med sitkagran midt på øya. Naturleg tilvekst av rogn, bjørk og osp vil etter kvart ta over for lyngheia, men denne prosessen vil ta tid i det klimaet som rår på Fedje.

## 5. SKILDRING AV VILTOMRÅDA I FEDJE

Trass i svært avgrensa storleik i landareal, har Fedje mange viktige viltområde. Dei viktigaste er heilt eller delvis knytte til den ytste kystsona, særleg med funksjon for ulike artar sjøfugl. Dette er det vanlege i slike utprega kystkommunar. Fedje har likevel eit særpreg i ein bestand av utsett villkanin som har greid seg her i langt over hundre år, i motsetnad til dei fleste andre stader i landet der slik utsetting har vore gjort.

Ettersom Fedje utelukkande vert utgjort av øyar nokså langt frå fastlandet, har berre nokre få artar landpattedyr makta å etablere seg naturleg i kommunen. For *ein* slik art — hjorten — kan det framleis vere eit vesentleg utviklingspotensiale.

Gjennom viltkartlegginga er det avgrensa tolv prioriterte viltområde i Fedje: Eitt særleg viktig- og ti viktige viltområde. I det følgjande blir kvart einskild viltområde gitt ein kort omtale. Nummeret på det einskilde viltområdet refererer til områdenummeret på viltkartet (vedlegg II).

Generelt ligg det føre rimeleg god kunnskap om dei aller fleste prioriterte viltområda i Fedje pr. i dag, men vi veit at føresetnadane for viltet kan endre seg svært raskt, og viltførekomstane vil då tilpasse seg dette. Difor trengst det stadig

nye registreringar for å følgje utviklinga og halde viltkartverket best mogleg oppdatert. Dette bør vere ei overkomeleg oppgåve på Fedje — utfordringa er vesentleg større i dei fleste andre kommunane i Hordaland.

I Fedje finst tre naturreservat som vart oppretta i 1987, ettersom dei var viktige hekkekoloniar for sjøfugl den gongen. Generelt har vi sett ei utvikling med sterk nedgang i fleire av sjøfuglbestandane på Vestlandet dei siste tiåra, og ein av konsekvensane har vore at mange av sjøfuglreservata har mist sin funksjon — i alle fall mellomtids — som hekkekoloni for sjøfugl. Også på Fedje har vi sett utslag av dette, ved at sjøfuglane mest heilt har flytta frå den tidlegare særleg gode og varierte kolonien ved Sekkjedalstjørna. Derimot har det kome til eit par nye koloniar som ikkje er verna, slik at i sum er kanskje Fedje den kommunen som er minst råka av nedgangen i sjøfuglbestandane.

I tillegg til dei tre sjøfuglreservata finst det også eit anna større naturvernområde på Fedje: Fedjemyrane landskapsvernområde. Dette verneområdet vart primært oppretta av botaniske årsaker, men delar av området er også viktig for lokale viltartar.



Innesøyane med Holmengrå og Ytre Fensfjorden i bakgrunnen.



Parti frå Innesøyane 12. mai 2001. Foto: Ingvar Grastveit.

## SVÆRT VIKTIGE VILTOMRÅDE

### Område 1. Innesøyane

Livskraftig sjøfuglkoloni heilt nord i kommunen, ut mot storhavet. Ei gruppe lave holmar som ligg særers eksponert til, og som vart verna som naturreservat i 1987 på grunn av rike førekomstar av hekkande sjøfugl. Sjøområda omkring er likevel ikkje verna. Innesøyane har ein god hekkekoloni av gråmåse, dei fleste år hekkar også nokre få titals par sildemåse her. Staden er kjent for ein god hekkekoloni av raudnebbterne, men denne er vesentleg redusert i mengd det siste tiåret, og somme år hekkar det mest ikkje terner i det heile her. Derimot er hekkebestanden av grågås i klar framgang, og i dag hekkar truleg opp mot 10 par på desse øyane. Dette er den tettaste hekkeførekomsten av arten i fylket, kanskje på heile Vestlandet.

Som ein av få stader på kysten av Hordaland hekkar også steinvendaren her. Ein har noko mangelfull detaljkunnskap om denne bestanden i dag, men mest truleg utgjør bestanden minst 3-4 hekkepar. Fleire titals par ærfugl hekkar på

øyane, og i dei grunne sjøområda like utanfor i nordvest, finst eit mindre myteområde for arten i juli-august. Mengdene av mytande ærfugl heilt nord i Fedje har auka vesentleg gjennom 1990-åra. Innesøyane er også ein stad der ein jamnleg ser steinkobbe i fjøresteinane, men ikkje i store mengder. I vinterhalvåret fungerer fleire av dei mindre holmane som kvileskjer for skarv, og i periodar oppheld til dels store flokkar med ærfugl og noko mindre flokkar med havelle seg her.

## VIKTIGE VILTOMRÅDE

### Område 2. Holmengrå og sjøområda utanfor

Holmen er ikkje verna etter naturvernlova, men dyrelivet har likevel fått vere i fred her lenge, ettersom mannskapet på fyret har halde auge med viltet. Holmengrå har ein god hekkebestand av ærfugl (20-30 par?), og har dei seinare åra blitt hekkeplass for fleire par grågås. Også gråmåse og svartbak hekkar på øya, men storleiken av desse bestandane er ikkje kjent i detalj. I alle fall dei siste 3-4 åra har toppskarven etablert seg som hekkefugl på Holmengrå, som einaste stad i Nordhordland etter Bleikenøvlingen i Øygarden. Skarvekolonien på Holmengrå syster å vere i ekspansjon, og det er ikkje umogleg at det pr. 2003 hekka kring 10 par på øya.

Utanom hekketid vert Holmengrå nytta som kvileskjer for storskarv og som rasteplass for store mengder gråmåse og svartbak til tider.

Like vest for Holmengrå, mot Flåskjeret, finst eit myteområde for inntil fleire hundre ærfuglhannar i juli-august, mengdene har auka dei siste åra. I vinterhalvåret også eit viktig næringsøksområde for ærfugl, og for skarv — mest storskarv.



Svartanda står på den norske raudlista. Dei siste åra er det slått fast at Vestlandskysten har ein langt viktigare overvintringsfunksjon for denne arten enn ein tidlegare visste. Eitt av dei aller viktigaste einskildområda ligg i Fedje kommune. Ved Fedjeboen er det i periodar på ettervinteren og våren registrert tette flokkar på inntil 500 individ. Foto: Ingvar Grastveit.



*Frå Sekkjedalstjørna naturreservat. I dag hekkar det berre nokre få par sjøfugl og vadefuglar her, men tidleg på 1990-talet hadde staden ein svært variert fuglefauna. Mellom anna fann vi den største hettemåsekolonien i Hordaland her.*

### **Område 3. Sverslingane**

Viktig vinteropphaldsområde for ærfugl, storskarv og havelle — til dels også svartand. Desutan nyetablert myteområde for ærfugl, som står i samanheng med område 2.

### **Område 4. Kræmmerholmen**

Truleg den største hekkekolonien av raudnebbterne i Fedje i dag. Har vore ein livskraftig koloni i ei årrekke, sjølv om holmen ligg tett innpå folk og område med mykje ferdsle. På det meste har det hekka 40-50 par terner her, men i dag er storleiken vesentleg redusert.

### **Område 5. Måsholmen**

Områda kring Husavatnet er eitt av dei aller viktigaste for grågåsa på Fedje, og sjølv holmen i vatnet er den tryggaste og gjerne mest nytta hekkeplassen. Heile vatnet vert nytta som leveområde for gjæsene og også som badelokalitet for måsar. Opptil 100 gjess er registrert i vatnet etter hekketida, 30-40 ind. er vanleg. Vatnet vert elles mykje nytta av måse og noko storskarv.

### **Område 6. Fedjeboen - Islendingane**

Overvintringsområde for svartand, ærfugl, havelle og til dels skarv (både storskarv og toppskarv). Svartanda har svært ustabil opptreden her, men i periodar finst her flokkar på inntil ca. 300 individ. Den viktigaste tida for svartanda synest å vere på ettervinteren og framover til april-mai.

### **Område 7. Fedjemyrane**

Del av Fedjemyrane landskapsvernområde. Hekkeområde for fleire par grågås og nokre ærfuglpar. Inngår i leveområdet for fleire par storspove, og enkeltbekkasin er sannsynleg hekkefugl her.

### **Område 8. Sekkjedalstjørna**

Naturreservat oppretta i 1987 gjennom verneplan for sjøfugl, men i dag hekkar mest ingen sjøfugl her. På 1980-talet fanst like fullt Hordalands største hekkekoloni av hettemåse her (inntil 12-15 par), ein mindre hekkekoloni av raudnebbterne, fleire tital par fiskemåse, samt hekkande raudstilk og storspove og sannsynleg hekking av småspove. Dette var også ein stad



*Eitt havørmpar hekkar på Fedje. Det er meldt om mogleg hekking ein stad til, men det har ikkje lukkast å stadfeste dette. Fedje har eit godt næringsgrunnlag for arten, men tilgangen på eigna reirplassar er ikkje optimal. Foto: Ingvar Grastveit.*

der fleire uvanlege artar gjerne dukka opp, og var kanskje siste staden i Fedje at tjuvjo hadde tilhald. Det er no fleire år sidan det sist var registrert nemneverdige viltførekomstar her, men det er ikkje usannsynleg at fråveret kun er mellombels, så inntil vidare bør området ha status som eit viktig viltområde.

#### **Område 9: Fjeldheim-Aurehopen**

Saman med område 10 den sikraste staden å sjå villkanin på Fedje i dag. Området har fleire holer og gangsystem som er utgravde av kani- nane, og dyra er lettast å sjå i kanten av eit mindre areal dyrka mark og innmarksbeite her. I utgangspunktet finst det fleire andre område for villkaninen nord på øya, men desse områda har vore lite i bruk dei seinare åra når bestanden har vore låg (Olsnes 1982).

#### **Område 10. Fjeldheim**

Eit anna prioritert leveområde for villkanin, som står i samband med område 9. Kaninen nyttar helst området til å finne næring, og det er sær- leg kulturmarka her som vert føretrekt. Sjå elles under område 9.

#### **Område 11. Hellsøy**

Naturreservat sidan 1987. Den viktigaste hekke- kolonien for gråmåse på Fedje, og denne har vore livskraftig dei fleste eller kanskje alle år sidan i alle fall 1980. Det er ein av dei mest sta- bile sjøfuglkoloniane i Hordaland. Det finst like- vel ikkje så gode kvantitative data frå kolonien, ettersom ein har prioritert å unngå unødig uro

mellom fuglane ved kontroll, men i rimeleg gode år har ein meint at det kan hekke meir enn 100 par gråmåse her (Byrkjeland 1993, 1999).

### **VIKTIGE TREKKVEGAR FOR HJORT**

Etter den nasjonale rettleiaren for viltkartlegging (Direktoratet for naturforvaltning 1996) skal dei viktigaste trekkvegane for hjort kartleggast i kvar kommune. Tanken er god, men ofte vanskeleg å gjennomføre på eit rasjonelt grunnlag. I ein kom- mune som Fedje, med nyetablert og marginal hjortebestand, lite relieff og få fysiske hindringar i landskapet, har kartlegging av trekkvegane av- grensa verdi. I røynda ferdast hjorten stort sett der det er mogleg i eit slikt landskap, det som mest avgrensar hjorten si vandring er konsent- rert busetjing og område med industriverksemd eller uro-ande aktivitet på anna vis.

Blokkering av vitale trekkveggar er neppe nokon avgrensande faktor for hjorten på Fedje i dag, og vil neppe verte det i overskueleg framtid hel- ler. Hjorten har i røynda tilgang til mest alle hol- mar i kommunen. Det finst jamvel ei (uverifisert) melding om at arten skal vere sett på Hol- mengrå, sjølv om det må vere sær sars vanskeleg for slike dyr å ta seg i land på ein slik holme.

Den andre eininga for kartlegging av hjorteom- råde etter den nasjonale rettleiaren er vitale vinteropphaldsområde. I ein kommune som Fedje, med lite snø om vinteren og små topo- grafiske skilnader, er det liten eller ingen skilnad på eit vinterområde for hjorten og det arealet den nyttar til andre årstider. Det vil vere vanske- leg å nytte hjorteområde i kommunen i praktisk kommunal planlegging, i alle fall med dagens bestandsstorleik. Dette er årsaka til at leveom- råda for hjorten har fått låg prioritet på viltkarta i denne rapporten. Hjorten kan på litt sikt verte ein viktigare viltart i Fedje i økonomisk saman- heng, men arten sin framtid her vil truleg langt på veg vere lite avhengig av aktuelle lokale akti- vitetar og planar.



*Hellsøy naturreservat. Her finst den mest konsentrerte hekkkolonien for gråmåse i Fedje.*

## 6. TRUA OG SÅRBARE ARTAR I FEDJE

### GENERELT OM TRUGA OG SÅRBARE ARTAR

Mange plante- og dyreartar er naturleg sjeldne, men mange er i tilbakegang som følgje av menneskeleg aktivitet. Her er lista opp nokre viktige typar trugsmål mot biologisk mangfald:

Handel med ville dyr blir rekna som den tredje største illegale marknaden på verdsbasis. Særleg i tropiske land kan samling vere eit problem for allereie fåtalige artar. I vårt land er slik ulovleg handel i første rekkje knytta til rovfuglar og kanskje særleg vår største falk; jaktfalken.

Intensiv jakt eller forfølging har ført til at enkelte dyreartar har blitt utrydda eller gått kraftig tilbake. Døme frå vårt land er fjellrev og dei store rovdyra gaupe, ulv, bjørn og jerv.

Miljøgifter utgjør eit alvorleg trugsmål mot enkelte artar. Rovdyr er spesielt utsette, fordi giftstoffa blir meir konsentrerte for kvart ledd i næringskjeda. Vandrefalken er eit klassisk døme på dette: Bruk av DDT i landbruket førte til at vandrefalken fekk problem med reproduksjonen (eggskalfortynning), og bestanden gjekk kraftig tilbake. Etter at bruken av DDT vart forbode har bestanden teke seg opp att og er framleis i vekst.

Innføring av framande artar. På mange av Stillehavssjøane står mange bakkerugande fugleartar i ferd med å forsvinne som ei følgje av introduksjon av katt og rotter. I vårt land er minken eit døme på introduksjon av ein art som har



Vandrefalk som vert mobba av kråke. Vandrefalken er ein norsk raudlisteart, men bestanden er no i framgang. Foto: Ingvar Grastveit.

fått uheldige følgjer (Minken er opprinneleg ein nordamerikansk art som vart importert til Noreg som pelsdyr). Mange sjøfuglkoloniar på øyar nær fastlandet lid periodevis store tap grunna minken sin predasjon på egg og ungar.

Øydelegging av naturtypar og leveområde. Det hjelper lite å verne artar dersom ein samtidig ikkje vernar områda artane er avhengige av. Her i landet er problemstillinga først og fremst aktuell i samband med reduksjon i arealet av våtmark og gammalskog og bortfall av enkelte kulturlandskapstypar som følgje av endra driftsformer i landbruket.

Innføring av framande artar og øydelegging av leveområde blir rekna som dei største trugsmåla mot biologisk mangfald.

### RAUDLISTER

For å oppnå større fokus på artar som er sjeldne, truga eller i tilbakegang, er det utarbeidd spesielle oversikter over slike artar, med ei vurdering av dagens bestand og bestandsutvikling. Det er dette som blir kalla raudlister. IUCN (International Union for the Conservation of Nature) gir ut slike lister på verdsbasis og mange land har gitt ut nasjonale raudlister. Den offisielle norske raudlista blir utgitt av Direktoratet for naturforvaltning. Dei siste åra har også enkelte fylkesmenn utgitt fylkesvise (regionale) raudlister. Meininga med slike raudlister er å rette fokus på regional bestandssituasjon og dermed sikre at tiltak blir gjennomført for å sikre levedyktige bestandar også på lokalt og regionalt plan. Nokre artar på den nasjonale raudlista kan vere relativt vanlege regionalt og lokalt. I slike tilfelle har det aktuelle fylket eller den aktuelle kommunen eit særskilt forvaltingsansvar. Ei raudliste kan òg innehalde artar som er i framgang, men som i nær fortid har hatt sterkt reduserte bestandar (t.d. havørn).

Raudlistene må reviderast relativt ofte etter kvart som kunnskapen om artane aukar (situasjonen for enkelte artar kan òg endre seg relativt raskt). Nasjonale raudlister blir gjerne reviderte kvart femte år. Raudlista denne rapporten byggjer på er *Nasjonale raudliste for truede artar i Norge 1998* (DN 1999). Det er òg utarbeidd ei regional raudliste for Hordaland: *Handlingsplan for truede og sårbare villarter i Hordaland* (Danielsen 1996). Dei ulike kategoriane ein finn i den siste utgåva av den nasjonale raudlista er:

**Utrydda - Ex (Extinct)**

Arter som har forsvunne som reproduserande i landet. Omfattar vanlegvis artar som ikkje har vore påvist dei siste 50 åra. "Ex?" angir artar som har forsvunne for mindre enn 50 år sidan.

**Direkte trua - E (Endangered)**

Arter som står i fare for forsvinne i nær framtid dersom dei negative faktorane fortset å virke.

**Sårbar - V (Vulnerable)**

Arter med sterk tilbakegang, som kan gå over i gruppa direkte trua dersom dei negative faktorane fortset å virke.

**Sjeldan - R (Rare)**

Arter som ikkje er direkte trua eller sårbare, men som likevel er i ein utsett situasjon, fordi dei er knytt til eit avgrensa geografisk område eller ein liten bestand med spreidd og sparsam utbreiing.

**Omsynskrevjande - DC (Declining, care demanding)**

Arter som ikkje tilhøyrer føregåande kategoriar, men som grunna tilbakegang krev spesielle omsyn og tiltak.

**Bør overvakast - DM (Declining, monitor species)**

Arter som har gått tilbake, men som ikkje vert rekna som trua. For desse er det grunn til å halde eit auge med bestandssituasjonen.

**Tabell 1. Raudlista viltartar i Fedje.**

Status i Noreg	Art	Førekost i Fedje	Moglege lokale trugsmål
Direkte trua (E)	Sørleg gulerle	Tilfeldig, men har hekka	-
Sårbar (V)	Hønsehauk	Fåtalog hekkefugl	• Reduksjon av eigna skog for hekking
	Jaktfalk	Tilfeldig utanom hekketida	-
	Vandrefalk	Truleg regelbunden, men fåtalog	-
	Lomvi	Regelbunden vintergjest	• Drukning i fiskegarn • Akutt ureining av kystområde
	Skogdue	Tilfeldig i trekkidene	-
	Hubro	Sannsynleg hekkefugl	• Kraftliner
	Snøugle	Tilfeldig gjest	-
	Vendehals	Tilfeldig gjest, tidlegare vanleg?	-
	Fjellerke	Tilfeldig haustgjest (1 funn)	-
Sjeldan (R)	Songsvane	Regelbundet vintergjest	• Kollisjon med kraftliner
	Stjertand	Tilfeldig trekkgjest	• Bortfall av grunne ferskvassområde
	Skeiand	Tilfeldig trekkgjest	-
	Lappfiskand	Tilfeldig trekkgjest	-
	Kongeørn	Regelbunden gjest?	-
	Vannrikse	Truleg regelbunden vintergjest	• Bortfall av eigna våtmark
	Myrrikse	Tilfeldig trekkgjest	• Bortfall av eigna våtmark
	Dverglo	Tilfeldig trekkgjest	-
	Svarthalespove	Tilfeldig trekkgjest	-
	Omsynskrevjande (DC)	Smålom	Tilfeldig gjest
Storlom		Sjeldan trekkgjest	• Drukning i fiskegarn
Sædgås		Sjeldan trekkgjest	• Jakt (forveksling med grågås)
Havørn		Fåtalog hekkefugl	• Uroing på hekkeplass
Fjellmyrløpar		Sjeldan trekkgjest	-
Dobbeltbekkasin		Sjeldan trekkgjest	-
Lunde		Regelbunden(?) vintergjest	• Drukning i fiskegarn
Gråspett		Tilfeldig gjest	-
Dvergspett		Tilfeldig gjest	-
Bør overvakast (DM)	Bergand	Sjeldan vintergjest	• Drukning i fiskegarn • Akutt ureining av kystområde
	Havelle	Vanleg vintergjest	• Drukning i fiskegarn • Akutt ureining av kystområde
	Svartand	Fast vintergjest, stundom talrik	• Akutt ureining av kystområde • Akutt ureining av kystområde
	Sjørre	Truleg regelbunden vintergjest	• Drukning i fiskegarn • Konflikt med akvakultur • Drukning i fiskegarn
	Teist	Tidlegare hekkefugl, no fåtalog	• Akutt ureining av kystområde • Predasjon frå mink
	Natramn	Sjeldan og tilfeldig trekkgjest	-
	Oter	Mogleg ynglearter	• Konflikt med akvakultur • Jakt (forveksling med mink) • Drukning i fiskegarn og ruser



### Ansvarsartar

Ei raudliste inneheld òg ei oversikt over såkalla ansvarsartar. Dette er artar som det aktuelle landet har eit spesielt forvaltingsansvar for, fordi store delar av bestanden på gitte tidspunkt opp-

held seg i landet. Ansvarsartar treng ikkje vere sjeldne eller truga. Døme på norske ansvarsartar som er vanlege i Fedje er svartbak og bergirisk. Tabell 2 listar opp norske ansvarsartar som førekjem i Fedje.



Bergiriska er ein norsk ansvarsart som førekjem vanleg på Fedje. Foto: Ingvar Grastveit.

**Tabell 2.** Norske ansvarsartar i Fedje

Årstid	Art	Norsk del (%) av europeisk bestand	Førekost i Fedje
Hekkebestand	Havørn	45	Mogleg hekkefugl, elles regelbunden
	Jaktfalk	38	Tilfeldig utanom hekketida
	Myrsnipe	55	Regelbunden trekkgjest
	Lappspove	45	Regelbunden trekkgjest
	Raudstilk	35	Fåtalog hekkefugl
	Svartbak	31	Vanleg hekkefugl, men ingen koloniar
	Krykkje	40	Regelbunden gjest utanom hekketid
	Lunde	33	Regelbunden vinter-/vårgjest, fåtalog
	Skjerpierke	88	Truleg vanleg hekkefugl
	Bergirisk	59	Vanleg hekkefugl
Vinterbestand	Islom	25	Fåtalog vintergjest
	Gulnebbblom	90	Tilfeldig gjest
	Storskarv	30	Vanleg vintergjest
	Toppskarv	25	Hekkar fåtalog, ganske vanleg vinterstid
	Praktærfugl	75	Tilfeldig gjest
	Siland	30	Vanleg, både hekkefugl og om vinteren
	Fjøreplytt	60	Regelbunden vintergjest
Heile året	Oter	Minst 25	Ekspanderande ynglear

## 7. STATUS FOR VILTET I FEDJE

### AMFIBIAR

#### Frosk *Rana temporaria*

Vanleg utbreidd ved ferskvatn i kommunen, i alle fall på hovudøya.

#### Padde *Bufo bufo*

Ikkje kartlagt i detalj, men arten skal vere utbreidd på hovudøya på Fedje, men neppe like vanleg som frosk. Det er uvisst korleis frosk og padde har etablert seg i ein slik øykommune, men mest truleg er artane innførte av menneske for lang tid tilbake.



*Padder finst i samtlige kommuner i Hordaland, merkeleg nok også på Fedje. Er det menneska som har brakt arten hit? Foto: Ingvar Grastveit.*

### KRYPDYR

Vekselvarme krypdyr vil ikkje kunne ta seg fram til Fedje ved eiga hjelp, og finst heller ikkje her. Hoggormen er rett nok god til å symje, men Fedjefjorden vert for lang og vatnet samstundes for kald for den.

### FUGLAR

Blant landlevande virveldyr står fuglane i ei særstilling når det gjeld utbreiing og artsriksdom. Fedje er den kommunen i Hordaland der det er registrert flest fugleartar. Mest av alt skuldast dette den geografiske plasseringa — Fedje ligg i trekkleia for mange fugleartar om hausten, og såpass isolert som staden ligg, vil ein god del trekkfuglar som er sjeldne å sjå hjå oss, mellomande på Fedje før dei prøver å krysse Nordsjøen. I alt er det registrert 228 fugleartar i Fedje kommune pr. 2003. Av desse er 46 rekna som hekkefuglar (konstatert eller sannsynleg hekking).

Fram til 1978 var kunnskapen om fuglelivet på Fedje svært mangelfull, og dei som hadde følgt litt med opp gjennom tida hadde ikkje samla kunnskapen i skriftlege kjelder. Men i 1978 tok Øivind

Olsnes til å studere fuglelivet her ute, og fekk også med seg Morten Gullaksen og Oddgeir Handeland. Saman publiserte dei eit omfattande samandrag av fuglefaunaen på Fedje i 1984 (sjå fleire artiklar i *Krompen* 13, 2: 69-110). Dette var så interessant at det inspirerte ornitologar frå m.a. Bergensområdet til å oppsøke Fedje meir målretta, særleg etter at ein vart klar over at Fedje var ein stad der til dels svært sjeldne fuglar kan forventast å dukke opp. I dag må ein seie at fuglelivet på Fedje er ganske godt kjent.

#### Kvalitetssikring av fugleobservasjonar

Å artsbestemme fuglar i felt kan ofte vere svært vanskeleg, sjølv for røynde ornitologar. Enkelte artar er svært like av utsjånad, og faktorar som lysforhold, observasjonsavstand og observasjonstid gjer artsbestemminga ofte svært vanskeleg. For å kvalitetssikre fugleobservasjonar har Norsk Ornitologisk Forening, NOF, difor oppretta ekspertutval som vurderer innrapporterte observasjonar. Det regionale/fylkesvise organet for kvalitetssikring heiter **LRSK** (Lokal rapporterings- og sjeldenhetskomite), og det finst ein slik komite i kvart fylke. Enkelte artsfunn må imidlertid godkjennast av ein nasjonal komité **NSKF** (Norsk Sjeldenhetskomité for fugl). Det er utarbeidd lister over kva artar som krev godkjenning av desse komiteane. Artsfunn blir publiserte i årlege rapportar i lokaltidsskriftet for NOF Hordaland, *Krompen*, av LRSK og i NOF sitt nasjonale tidsskrift, *Ornis Norvegica*, av NSKF. Desse publikasjonane inneheld òg observasjonsdato, observasjonsstad og namn på observatør.

Denne viltrapporten følgjer NOF sin praksis på dette feltet. Blant artar som krev godkjenning er difor kun artar med funn godkjent av LRSK eller NSKF omtalte og rekna som offisielle. For desse blir det referert til aktuelle publikasjonar frå sjeldanheitskomiteane. For somme uvanlege eller spesielle observasjonar som ikkje krev godkjenning, er det referert til andre skriftlege kjelder eller til observatør. Talet på observasjonsdatoar for den einskilde arten er ikkje alltid komplett, men er meint å vere konkrete døme på når arten er observert.

Meir stoff om LRSK sitt arbeid finn du på NOF-Hordaland sine nettsider. Her er det m.a. lagt ut oppdaterte lister over artar som må godkjennast og rapporteringsskjema for nedlasting: <http://cyberbirding.uib.no/nof/lrsk/>.



Fram til en gong på 1980-talet var smålomen ein karakterart på Fedje, med fleire hekkande par. Det har teke slutt, utan at ein sikkert veit kvifor. Det har kanskje med tilgang på næring å gjere, eller kanskje også uroing i etableringstida. Foto: Ingvar Grastveit.

## LOMMAR

**Smålom** *Gavia stellata* **Omsynskrevjande (DC)**  
Fleire par hekka ved ferskvatn på Fedjemyrane fram til i alle fall midten av 1980-talet (Handeland m.fl. 1984), men av grunner ein ikkje kjenner har dette teke heilt slutt. I dag hekkar det ikkje lom i kommunen, og smålomen er knapt nok å sjå i det heile i sommarhalvåret. Men arten er vanleg som forbitrekkande i mai og på hausten, ettersom Fedje ligg sentralt i leia for lomtrekktet som følgjer den ytre kystlina på Vestlandet.

**Storlom** *Gavia arctica* **Omsynskrevjande (DC)**  
Tilfeldig gjest vår og haust.

**Islom** *Gavia immer* **Ansvarsart vinterbestand**  
Det ligg føre ei rekke trekkobservasjonar av arten, dei fleste frå seinhausten og tidleg vinter, men også nokre få frå vårparten. På trekk om våren er gulneblommen vanlegare å sjå enn islommen ved Fedje.



Islom (biletet) og gulneblom er artar som Noreg har eit særskilt ansvar for når det gjeld å forvalte vinterbestanden. Begge opptrer ved Fedje, gulneblommen oftast. Foto: Ingvar Grastveit.

**Gulneblom** *Gavia adamsii* **Ansv. vinterbestand**  
Trass i at gulneblommen slett ikkje er nokon vanleg art i Nordsjøbassenget, er arten likevel registrert ganske ofte på trekk forbi Fedje. Særleg gjeld dette i april-mai, men også på hausttrekk kan arten vere å sjå.

## DUKKARAR

**Dvergdukkar** *Tachybaptus ruficollis*  
Hamnebassenget på Fedje er ein årviss stad for arten vinterstid, og opp til 5 ind. er sett her samstundes dei siste åra (S. Byrkjeland). Dette gjer faktisk lokaliteten til ein av dei beste og mest stabile overvintringsstadene for arten i Hordaland.

**Gråstrupedukkar** *Podiceps grisegena*  
Det ligg føre ei rekke registreringar av arten, alle frå haust eller vinter, og alle einskildindivid. Unataket er 2 ind. Mulevågen 6.1.2002.

**Horndukkar** *Podiceps auritus*  
3 funn, alle av einskildindivid, er registrert: 27.12.1980, 9.3.1982 og 28-30.9.2000.

## STORMFUGLAR

**Havhest** *Fulmarus glacialis*  
Regelbunden gjest ved Fedje i trekktidene vår og haust, særleg i samband med periodar med sterk pålandsvind. Då kan mengdene kring Fedje vere store. Til dømes vart 448 ind. registrert på trekk forbi Fedje 30.4.1999.

**Storlire** *Puffinus gravis*  
1 ind. trakk forbi Vinappen 25.6.1983.

**Grålire** *Puffinus griseus*

Første grålira i Hordaland vart rapportert (skoten) frå Fedje 7.10.1939. Etter kvart som ornitologane sin optikk har blitt betre, viser det seg at arten opptrer vanleg langs den ytre Hordalandskysten på ettersommaren og hausten når vertilhøva er dei rette.

**Havlire** *Puffinus puffinus*

Opptrer som grålira på streif langs den ytre kysten. 6 funn av 11 ind. ligg føre: 28.6.1983 (3 ind.), 5.7.1983, 28.6.1984, 21.8.1987 (4 ind.), 31.8.1988 og 2.6.2002.

**Havsvale** *Hydrobates pelagicus*

Denne nattaktive sjøfuglen er krevande å påvise, og fram til 2002 låg det fore berre eitt funn av arten frå Fedje. Den 10. og 12. august 2002 vart det forsøkt å trekke havsvaler inn frå havet med lyd for å ringmerke dei. Det viste seg å vere suksessfullt, og arten førekjem nok ordinært i farvatna kring Fedje på ettersommaren og tidleg haust.

## PELIKANFUGLAR

**Havsule** *Sula bassana*

Vanleg i farvatna kring Fedje, særleg om hausten.

**Storskarv** *Phalacrocorax carbo* **Ansv. vinterbestand**

Vanleg trekk- og overvintringsgjest ved Fedje. I trekktidene er det registrert oppunder 1000 ind. på ein og same dag. Vinterbestanden tel fleire hundre individ, og vart i 1999 rekna til ca. 250 (Byrkjeland & Sætre 1999). Den var mindre i februar 2003 (sjå side 6).



Storskarv. Foto: Ingvar Grastveit.



Topptskarv — nyetablert hekkeart i Fedje. Foto: Ingvar Grastveit.

**Topptskarv** *P. aristotelis* **Ansvarsart vinterbestand**

Nyetablert hekkefugl. Topptskarven tok til å hekke på Holmengrå kring 1999, etter at arten generelt hadde ekspandert ein del i regionen. Truleg hekkar ein stad mellom 5 og 10 par her i dag, men hekkebestanden har aldri vore taksert. Topptskarven er generelt vanleg kring Fedje i vinterhalvåret.

## STORKEFUGLAR

**Egretthegre** *Egretta alba*

1 ind. heldt seg på Fedje 24.-26.4.2002.

**Gråhegre** *Ardea cinerea*

Sporadisk hekkefugl. Eit brukt reir av arten vart funne på Skarvøy i 1985 (Ø. Olsnes). Dette er det første og så langt einaste hekkefunnet av arten i kommunen, sjølv om gråhegren ikkje uvanleg vert sett her i hekketida. Den er likevel vanlegare om vinteren, då det gjerne kan vere over 50 ind. spreidd rundt om på Fedje.

## ANDEFUGLAR

**Knoppsvane** *Cygnus olor*

1 ind. 15.-16.6.1980 (Handeland m.fl. 1984).

**Songsvane** *Cygnus cygnus***Sjeldan (R)**

Regelbunden vintergjest i mindre tal. Fedje er ikkje mellom dei viktigaste stadene for songsvaner i Hordaland, men småflokkar på opp mot 10 ind. held seg i periodar ved ferskvatna på hovudøya om vinteren (Byrkjeland & Voie 1999). Arten har blitt vanlegare her som elles på Vestlandet sidan tidleg på 1980-talet.

**Sædgås** *Anser fabialis***Omsynskrevjande (DC)**

1 ind. Flyndrevågen 17.3.1984 (Handeland m.fl. 1984).



Fedje kommune er liten i utstrekning, men har like fullt den største hekkebestanden av grågås i Hordaland. Bestanden har vakse påtakeleg dei seinare åra, og gåsa er ikkje alltid så populær ved badeplassar og liknande. Foto: Ingvar Grastveit.

**Kortnebbgås** *Anser brachyrhynchus*

2 ind. 25.9.1982 (Handeland m.fl. 1984).  
Einskildindivid 27.9.1998 (J.E.Berglihn) og  
2.10.1999. 3 ind. Stormark 15.10.2002 (A.T.  
Mjøs).

**Tundragås** *Anser albifrons*

To funn: 9 ind. av den austlege underarten *albifrons* 23.11.1997 (B.O.Høyland) og 1 ind. av den vestlege underarten *flavirostris* 20.-24.10.2001 (F. Falkenberg).

**Grågås** *Anser anser*

Vanleg hekkefugl. Fedje er nok den viktigaste hekkestaden for grågås i dag, der den samla hekkebestanden i kommunen nok overstig 35 par, kanskje heilt opp mot 50. Dette er resultat av ein sterk auke gjennom 1990-talet. Haftorn (1971) nemner ikkje arten hekkande i Hordaland, men 2-3 hekkepar ved Fedjefjorden på «1960-talet» (sjå *Krompen* 3,3: 12) kan faktisk ha vore det første hekkefunnet av arten i fylket i «nyare» tid.

**Kanadagås** *Branta canadensis*

Arten vart forsøkt sett ut i Langevatnet, Stormarka 22.5.1985. Det var viltnemda i kommunen som sette ut eit par med ein liten unge som var henta frå Stord. Fuglane forsvann i september same år, så forsøket vart av den grunn tolka som «mislukka».

**Kvitkinngås** *Branta leucopsis*

Flokkar passerer Fedje kvart år i trekktidene vår og haust. På våren passerer det meste av trekket i løpet av ein einaste dag. Også om hausten kan trekket vere konsentrert, såleis 760 ind. 3.10.1999 og 1150 ind. 11.10.2002. Nokre gongar rastar arten i større tal på Stormark.

**Ringgås** *Branta bernicla*

Det ligg føre ei rekke registreringar av arten frå Fedje under haust- og vartrekket, men arten er ikkje like talrik som kvitkinngåsa. Dette er i stil med førekomsten av artene på Svalbard, der begge bestandane hekkar.



Kanadagjess.  
Foto: Inavar Grastveit

**Gravand** *Tadorna tadorna*  
Trekkgjest i små tal vår og haust.

**Brunnakke** *Anas penelope*  
Fast trekkgjest i mindre tal — mest om hausten.

**Snadderand** *Anas strepera*  
1 par 23.5.1983 (O. Handeland).

**Krikkand** *Anas crecca*  
Truleg årvisst hekkfugl, men bestanden tel i så fall ikkje meir enn 1-2 par. Det ligg også føre ei rekke haustobservasjonar.

**Stokkand** *Anas platyrhynchos*  
Hekkefugl. Vanleg heile året.

**Stjertand** *Anas acuta* **Sjeldan (R)**  
Fåtalig trekkgjest haust og særleg vår. Truleg er ein del observasjonar ikkje registrerte.

**Knekkand** *Anas querquedula*  
5 individ trekte forbi Vinappen 15.9.1984.

**Skeiand** *Anas clypeata* **Sjeldan (R)**  
1 par 30.4.1983 (Handeland m.fl. 1984).

**Taffeland** *Aythya ferina*  
Tre registreringar ligg føre frå invasjonshausten oktober-november 1978, på det meste 10-12 ind. samstundes i Øvre Vassivarvatn (Håland 1979)

**Toppand** *Aythya fuligula*  
Fåtalig gjest utanom hekketida.

**Bergand** *Aythya marila* **Bør overvakast (DM)**  
1 ho 3.2.1979 og 10.2.1979. 16 ind. på trekk 11.5. 1983 (Handeland m.fl. 1984). Dessutan registrert ved fleire høve hausten 2001.

**Ærfugl** *Somateria mollissima*  
Vanleg hekkfugl, særleg på dei mindre øyane nord i kommunen, men arten hekkar og langt inne på Fedjemyrane. Fedje har ein vel så viktig funksjon som vinterområde for arten, og i området Innesøyane-Holmengrå er det i ferd med å bygge seg opp ein mytekonsentrasjon av ærfuglhannar i juli-august.

**Praktærfugl** *Somateria spectabilis*  
1 hann (3K+) 25.12.1985 (M.Gullaksen).

**Havelle** *Clangula hyemalis* **Bør overvakast (DM)**  
Vanleg overvintringsgjest i farvatna rundt Fedje, særleg på grunnane nord og vest i kommunen.

**Svartand** *Melanitta nigra* **Bør overvakast (DM)**  
I dag ein vanleg gjest ved Fedje utanom hekketid, mest vanleg om vinteren. I periodar kan det

ligge flokkar på fleire hundre individ ved dei ytste skjera vest i kommunen, t.d ca. 500 ind. 27.-29.4.2001. Arten var ikkje på langt nær så talrik tidlegare, denne trenden er den same elles på kysten av Vestlandet dei siste åra.

**Sjørre** *Melanitta fusca* **Bør overvakast (DM)**  
Sporadisk gjest ved Fedje vinter og vår, på det meste 28 ind. 14.5.1983 (Handeland m.fl. 1984).

**Kvinand** *Bucephala clangula*  
Fåtaleg, men regelbunde registrert om vinteren. Det ligg også føre eit fåtal vårobservasjonar.

**Siland** *Mergus serrator* **Ansvarsart vinterbestand**  
Det finst ein liten hekkebestand i kommunen. Arten er meir vanleg om vinteren, med største registrerte tal ca. 50 ind. 19.1.1982 (Handeland m.fl. 1984).

**Laksand** *Mergus merganser*  
Opptrer sporadisk vinter og vår: 1 hann 22.12.1981, 1 par 18.3.1983, 1 hann 15.6.1983 (Handeland m.fl. 1984).

## ROVFUGLAR

**Havørn** *Haliaeetus albicilla* **Omsynskrevjande (DC)**  
**Ansvarsart hekkebestand**  
Arten er regelmessig å sjå på Fedje til alle årstider, men berre eitt hekkepar er sikkert påvist i kommunen. (Det ligg føre ei melding om mogleg hekking sør på hovudøya, men mest truleg manglar eigna hekkeplassar her).

**Sivhauk** *Circus aeruginosus*  
1 vaksen hann 3.5.1986 (M. Gullaksen).

**Hønehauk** *Accipiter gentilis* **Sårbar (V)**  
Tilfeldig gjest, helst i trekketidene.

**Sporvehauk** *Accipiter nisus*  
Opptrer årvisst under trekket, men ikkje i særlege mengder. Det ligg også føre ein del vinterobservasjonar.

**Kongørn** *Aquila chrysaetos* **Sjeldan (R)**  
Tilfeldig gjest. Førekomsten av denne arten trengst det betre dokumentasjon av.

**Tårnfalk** *Falco tinnunculus*  
Trekkgjest — mest truleg årvisst, men det ligg ikkje føre mange nedteikna registreringar.

**Dvergfalk** *Falco columbarius*  
Trekkgjest vår og haust.

**Jaktfalk** *Falco rusticolus*

**Sårbar (V)**  
**Ansvarsart hekkebestand**

Fåtalig gjest. Det ligg føre nokre tilfeldige registreringar av einskildindivid frå vinterhalvåret og våren (Handeland m.fl. 1984), samt nokre observasjonar av ubestemt storfalk (jaktfalk/vandrefalk).

**Vandrefalk** *Falco peregrinus*

**Sårbar (V)**

Arten hekkar ikkje på Fedje, men i takt med stigande bestandsstorleik i Sør-Noreg på 1990-talet og etter dette, er vandrefalken blitt oftare å sjå også ved Fedje.

## HØNSEFUGLAR

**Orrfugl** *Tetrao tetrix*

Hekkestatus uviss, men arten er observert årleg på Fedje sidan 1981 (Handeland m.fl. 1984). Bestanden er ikkje stor, men fuglar vert sett og høyrte gjennom heile året.

## TRANEFUGLAR

**Vassrikse** *Rallus aquaticus*

**Sjeldan (R)**

Faktisk føreligg berre ein observasjon: 1 ind. 25.10.2000.



Målretta søk etter vassriksar i Hordaland på forvinteren har dokumentert at arten opptre meir regelbunde enn vi har visst tidlegare. Dette er likevel neppe tilfellet på Fedje, som har få eigna våtmarker for vassriksa. Foto: Ingvar Grastveit.

**Myrrikse** *Porzana porzana*

**Sjeldan (R)**

1 ind. funne dautt 3.6.1982 (Handeland m.fl. 1984).

**Sivhøne** *Gallinula chloropus*

Det er rapportert om 4 funn av i alt 5 ind. frå vinterhalvåret i åra 1940-1983 (Handeland m.fl. 1984).

**Sothøne** *Fulica atra*

2 funn: 1 ind. ved fleire høve mars 1979, 4 ind. 22.11.1980 (Handeland m.fl. 1984).

## VADEFUGLAR

**Tjeld** *Haematopus ostralegus*

Vanleg hekkefugl, og dessutan svært vanleg å sjå i trekkidene.

**Dverglo** *Charadrius dubius*

To funn av denne sjeldne arten hjå oss: 1 ind. 13.9.1980 og 1 ind. 30.4.1987.

**Sandlo** *Charadrius hiaticula*

Små flokkar på inntil 6-7 ind. er vanleg å sjå under hausttrekket. Ein vårobservasjon: 1 ind. 9.4.1983 (Handeland m.fl. 1984).

**Boltit** *Charadrius morinellus*

1 ind. april/mai 1980 (Handeland m.fl. 1984).

**Sibirlo** *Pluvialis fulva*

1 ind. Stormark 8.10.2001 (F. Falkenberg). Første funn i Hordaland.

**Heilo** *Pluvialis apricaria*

Småflokkar er vanlege å sjå i trekkidene, mest om hausten.

**Tundralo** *Pluvialis squatarola*

Det ligg føre ein del registreringar av einskildind. eller småflokkar frå hausttrekket.

**Vipe** *Vanellus vanellus*

Hekkefugl. Ein vanleg art på Fedje, der småflokkar også vert registrert i vinterhalvåret somme år.

**Polarsnipe** *Calidris canutus*

Passerer Fedje under hausttrekket i september.

**Sandløpar** *Calidris alba*

1 ind. 30.9.1980 (Handeland m.fl. 1984). 5 ind. trakk S forbi Vinappen 18.8.2002.

**Dvergsnipe** *Calidris minuta*

Småflokkar på 1-3 ind. er vanleg å sjå på hausttrekk.

**Temmincksnipe** *Calidris temminckii*

1 ind. 18.8.1980, 1 ind. 17.9.1980 (Handeland m.fl. 1984).

**Tundrasnipe** *Calidris ferruginea*

Passerer Fedje kvart år under hausttrekket i august-september, og det hender at små flokkar rastar her.

**Fjøreplytt** *Calidris maritima*

Vanleg på hausttrekk, og arten overvintrar også regelmessig. Største registrerte flokk er på minst 150 individ 27.2.1983 (Handeland m.fl. 1984).



Steinvendaren er hekkefugl på Innesøyane, som ein av få stader i Hordaland. Foto: Ingvar Grastveit.

**Myrsnipe** *Calidris alpina*  
Vanleg på hausttrekk.

**Fjellmyrløpar** *Limicola falcinellus* **Oms. krev. (DC)**  
2 ind. 26.8.1980, 1 ind. 13.9.1980 (Handeland m.fl. 1984).

**Brushane** *Philomachus pugnax*  
Opptrer regelbunde under hausttrekket, men det er uvanleg at større flokkar rastar her.

**Kvartbekkasin** *Lymnocyptes minimus*  
Årleg trekkgjest om hausten. Til vanleg opptrer arten spreidd og i små tal, men hausten 2002 vart minst 28 ind. registrerte på Fedje, herav heile 23 ind. ved Stormark 2.10.2002 (A.T. Mjøs).

**Enkeltbekkasin** *Gallinago gallinago*  
Alminneleg hekkefugl. Dessutan vanleg på trekk vår og haust, og nokre individ overvintrar og.

**Dobbeltbekkasin** *Gallinago media* **Oms. krev. (DC)**  
1 individ registrert 7.10.1999.

**Rugde** *Scolopax rusticola*  
Fedje er truleg den einaste kommunen i Hordaland der denne arten ikkje hekkar. Men fuglar som har gjort forsøk på overvintre er sett, samt individ på trekk.

**Svarthalespove** *Limosa limosa* **Sjeldan (R)**  
4 funn: 2 ind. 20.8.1980, 1 ind. 25.9.1999, 1 ind. 13.5.2000 samt 1 ind. 27.9.2000.

**Lappspove** *Limosa lapponica*  
Opptrer regelbunde i trekktidene, mest vanleg om hausten.

**Småspove** *Numenius phaeopus*  
Nokre få par hekkar, men arten var truleg meir vanleg som hekkeart tidlegare. Er også å sjå i trekktidene.

**Storspove** *Numenius arquata*  
Vanleg hekkefugl. Fedje har gode leveområde for denne arten. Også vanleg i trekktidene, og Fedje er ein fast overvintringsstad for nokre få individ.

**Sotsnipe** *Tringa erythropus*  
Sporadisk trekkgjest. Er registrert både om hausten og svært sjeldan om våren, men oftast i august.

**Raudstilk** *Tringa totanus* **Ansvarsart hekkebestand**  
Hekkefugl, men hekkebestanden har nok gått tilbake. Også typisk trekkgjest, samt at einskildind. kan gjere forsøk på å overvintre på Fedje.

**Gluttsnipe** *Tringa nebularia*  
Fåtalog, men regelmessig trekkgjest om hausten, men er også sett om våren.

**Skogsnipe** *Tringa ochropus*  
Tilfeldig trekkgjest. Det ligg i alle fall føre 8 funn, dei aller fleste frå haustsesongen.

**Grønstilk** *Tringa glareola*  
4 funn: Einskildind. 15.5.1980, 14.5.1983, 27.7.1985 samt 3 ind. 10.8.1985.



**Strandsnipe** *Actitis hypoleucos*

Kun eitt hekkefunn: 1 par hekka Kvernhusdalen 1984. Elles er det vanleg å sjå einskildindivid på trekk vår og haust.

**Steinvendar** *Arenaria interpres*

Nokre få par hekkar på Innesøyane, men bestanden har gått attende her som den elles har gjort på tradisjonelle hekkestader i Hordaland (Byrkjeland 1999). Elles regelbunden overvintrar.

**Ubestemt brakksvale** *Glareola sp.*

1 ind. 4.10.1980 (Handeland m.fl. 1980).

## JOAR, MÅSAR OG TERNER

**Polarjo** *Stercorarius pomarinus*

I alle fall 3 funn er innrapportert: 1 ind. 15.6.1983, 3 ind. 13.5.1990, 1 ind. Vinappen 28.7.2002. Måretta registrering dei rette dagane under trekket ville nok vist at arten opptre vanlegare.

**Tjuvjo** *Stercorarius parasiticus*

Var årvisst hekkefugl tidleg på 1980-talet. Arten er framleis å sjå i hekketida på Fedje, men det er tvilsamt om den hekkar her i dag — i alle fall ikkje anna enn sporadisk. Likevel heldt 2 par seg stasjonært her i 2002 (Falkenberg 2003). Det ligg ikkje føre mange observasjonar av forbitrekkande tjuvjo frå Fedje, men dette skuldast nok utelukkande mangel på registreringar frå rette trekketida om våren.



Tjuvjo, lys fase.  
Foto: Inavar Grastveit.

**Fjelljo** *Stercorarius longicaudus*

Sjeldan trekkgjest i mai månad.

**Storjo** *Stercorarius skua*

Tilfeldig, men regelbunden gjest når vertilhøva er eigna, og Fedje er ein av dei stadene i fylket der storjoen lettast kan påtreffast.

**Dvergmåse** *Larus minutus*

2 funn: 1 individ (1K) 6.8.1983 og 1 individ 14.10.1990.



Hetemåse.  
Foto: Ingvar Grastveit.

**Hetemåse** *Larus ridibundus*

Hekkefugl. Ved Sekkjedalstjørna fanst på 1980-talet Hordalands største hekkekoloni av hettemåse, etter at arten først vart funne hekkande her i 1983 (Handeland m.fl. 1984, Byrkjeland 1993, 1999). Denne kolonien er no borte, men arten hekkar likevel framleis sporadisk på Fedje, m.a. med 2 par i 2000, og 1 reir i 2001 og 2002.

**Fiskemåse** *Larus canus*

Vanleg hekkefugl, men dei heilt store hekkekoloniane av arten finn ein ikkje i Fedje kommune. Elles vanlig til alle årstider utanom vinteren.

**Sildemåse** *Larus fuscus*

Vanleg hekkefugl, men somme år er bestanden låg. Viktigaste hekkekolonien er ved Innesøyane (Byrkjeland 1999).

**Gråmåse** *Larus argentatus*

Talrik hekkefugl. Dette er truleg den vanlegaste hekkande måsearten på Fedje, medan svartbaken er meir talrik resten av året. Viktige hekkekoloniar er å finne på Hellisøy, Innesøyane og Holmengrå.

**Grønlandsmåse** *Larus glaucooides*

3 funn: 2 ad. Vinappen 31.3.1985, 1 ind. (2K) Vinappen 20.4.1985, 1 ad. Mulevågen 17.10.2001.

**Polarmåse** *Larus hyperboreus*

Det ligg føre fleire funn frå haust- og vinterhalvåret.

**Svartbak** *Larus marinus* **Ansvarsart hekkebestand**

Vanleg hekkefugl, m.a. på Hellisøy og Innesøyane, elles også spreidd på hovudøya. Også svært vanleg i trekketidene, såleis trakk meir enn 700 ind. forbi Fedje 25.9.1982.

**Krykkje** *Rissa tridactyla* **Ansvarsart hekkebestand**

Vanleg vår, sommar og haust, særleg i periodar med pålandsvind.

**Rovterne** *Sterna caspia*

2 ind. medio mai 1981, samt 2 ad. 6.6.1985.

**Makrellterne** *Sterna hirundo*

Hekkefugl. Arten er truleg ikkje så vanleg som raudnebbterna på Fedje, men det finst fleire mindre koloniar av arten. Arten har gått sterkt attende på Vestlandet sidan i alle fall tidleg på 1980-talet, truleg er dette situasjonen også på Fedje.

**Raudnebbterne** *Sterna paradisaea*

Det finst fleire hekkekoloniar av arten, m.a. på Kremmarholmen. Arten er likevel ikkje så talrik i dag som den var for eit par tiår sidan, og mengdene som hekkar varierer sterkt frå år til år.



Raudnebbterne. Foto: Ingvar Grastveit.

**ALKEFUGLAR****Lomvi** *Uria aalge***Sårbar (V)**

Vanleg vintergjest til Fedje, men ikkje på langt nær så talrik som den var for eit par tiår sidan.

**Alke** *Alca torda*

Vert av Handeland m.fl. (1984) karakterisert som «vanleg i vinterhalvåret». Dette er diverre ikkje situasjonen i dag, alken er nok årvisst her, men ikkje lenger i vesentlege mengder.

**Teist** *Cephus grylle***Bør overvakast (DM)**

Regelmessig gjest i vinterhalvåret. Størst mengd: 14 ind. 24.11.1997. Observasjonar i hekketida (Innesøyane) i åra 1979-1983 førte til speulasjonar om hekking, men dette er lite truleg i dag.

**Alkekonge** *Alle alle*

Regelmessig vintergjest, somme år opptre denne arten talrikt gjennom hausten og vinteren.

**Lunde** *Fratercula arctica***Omsynskrevjande (DC)**

Regelmessig vintergjest, men i små mengder.

**DUER****Skogdue** *Columba oenas***Sårbar (V)**

Einskildind. i alle fall registrert ved tre høve: 29.3. 1986, 23.4.1987 og 1.10.1998.

**Ringdue** *Columba palumbus*

Tilfeldig trekkgjest. Arten er ikkje sjeldan på Fedje, men påfallande fåtaleg samanlikna med mange andre stader på den ytre kysten i Hordaland. Hekking er aldri påvist, men nokre av granplantefelta på hovudøya er i dag så gamle at dei kanskje skulle kunne høve for arten.

**Tyrkardue** *Streptopelia decaocto*

Årleg gjest. Det ligg føre ein del observasjonar. Arten opptre neppeså frekvent i dag som på 1970- og tidleg på 1980-talet.

**Turteldue** *Streptopelia turtur*

Det ligg føre i alle fall 5 observasjonar av enkeltindivid; 3 frå vårtrekket og 2 frå hausten.

**GAUKAR****Gauk** *Cuculus canorus*

Sporadisk hekkefugl: Gaukunge funne i reir av heippiplerke 24.7.1984. Elles tilfeldig, årvisst gjest — men fåtaleg.

**UGLER****Hubro** *Bubo bubo***Sårbar (V)**

1 individ ca. 1946. 1 ind. 16.10.1982. 1 ind. 25.3.1983. 1 ind. 14.12.1986. Hubroen er ein karakterart på den ytre kysten i Hordaland, der den i stor grad livnærer seg på sjøfugl. Det er ikkje kjent detaljar om hekking i Fedje kommune.

**Snøugle** *Nyctea scandiaca***Sårbar (V)**

Eit individ (ad. hann) skote 1939 (G. Sulen). 1 ind. vart også skote i 1960-åra.

**Haukugle** *Surnia ulula*

3 ulike ind. var på Fedje i september 1983, då det var invasjon av haukugler i heile Sør-Noreg (Jacobsen 1984).

**Hornugle** *Asio otus*

1 ind. 16.10.1982.

**Jordugle** *Asio flammeus*

I alle fall 7 observasjonar ligg føre, dei fleste av fuglar på hausttrekk.

## NATTRAMNAR

**Nattramn** *Caprimulgus europaeus* **Bør overv. (DM)**  
1 ind. 29.7.-3.8.1980 og 1 ind. 16.8.1980 (Handeland m.fl. 1984).

## SEGLARAR

**Tårnsegjar** *Apus apus*  
Fåtaleg, men regelmessig på trekk vår og haust.

## RÅKEFUGLAR

**Hærfugl** *Upupa epops*  
To funn på Fedje: 1 ind. 10.10.-6.11.1981, 1 ind. 6.10.1988.

**Bietar** *Merops apiaster*  
1 ind. Langedalen 2.6.2002 (F. Falkenberg).

## SPETTEFUGLAR

**Vendehals** *Jynx torquilla* **Sårbar (V)**  
Totalt tre funn av enkeltindivid: 23.8.1980, 24.4.1983 og 30.4.1999.

**Gråspett** *Picus canus* **Omsynskrevjande (DC)**  
Årleg gjest i mindre tal utanfor hekketida. Etter flaggspetten i invasjonår er gråspetten den vanlegaste hakkespettarten på Fedje. Dei fleste observasjonane er frå hausten eller vinteren.

**Flaggspett** *Dendrocopos major*  
Vanleg i invasjonår, som t.d. hausten 2001.

**Dvergspett** *Dendrocopos minor* **Omsynskr. (DC)**  
1 hann 21.9.1995.

## SPORVEFUGLAR

**Kalanderlerke** *Melanocorypha calandra*  
1 ind. ultimo oktober 1980. Einaste funn av arten i Hordaland.

**Dverglerke** *Calandrella brachydactyla*  
1 ind, 27.10.1988.

**Songlerke** *Alauda arvensis*  
Skal vere hekkefugl (Handeland m.fl. 1984). Er elles vanleg i trekketidene, og det er fleire døme på at arten har forsøkt å overvintre.

**Fjellerke** *Eremophila alpestris* **Sårbar (V)**  
1 ind. Rognsvågen 1.-4.10.2001.

**Sandsvale** *Riparia riparia*  
Regelmessig observert på vårtrekk (Handeland m.fl. 1984).

**Låvesvale** *Hirundo rustica*  
Vanleg hekkefugl, dessutan vanleg i trekketidene vår og haust.

**Taksvale** *Delichon urbica*  
Skal vere vanleg på vårtrekk (Handeland m.fl. 1984), men truleg ikkje like vanleg som tidlegare.

**Tartarpiplerke** *Anthus novaseelandiae*  
Fedje er ein av dei sikraste plassene i Hordaland for å kunne få sjå denne arten frå Sibir. Det ligg i alle fall føre 11 funn av totalt 18 individ i åra 1988-2001.

**Sibirpiplerke** *Anthus hodgsoni*  
I alt 5 funn er registrert av denne sjeldne arten i vårt land. Typisk nok er alle frå september-oktober i åra 1997-2001.



Heipiplerka er truleg den vanlegaste fuglearten på Fedje. Foto: Inavar Grastveit.

**Trepiplerke** *Anthus trivialis*  
Regelmessig trekkgjest.

**Tundrapiplerke** *Anthus gustavi*  
1 ind. 10.10.1994 (Mjøs 1994). Dette er det fjerde funnet i landet og det einaste i Hordaland.

**Heiplierke** *Anthus pratensis*  
Vanleg hekkefugl. Truleg den vanlegaste fuglearten i kommunen samla sett.

**Skjerpierke** *Anthus petrosus* **Ansv. hekkebestand**  
Fåtaleg hekkefugl i kommunen, men vanleg på trekk, fåtalig vinter.

**Gulerle** *Motacilla flava thunbergii*  
Det ligg føre ei rekke observasjonar av underarten sørleg gulerle. Mellom anna vart den konstatert hekkande i 1980 (Handeland m.fl. 1984).

**Sitronerle** *Motacilla citreola*  
To funn: 1 ind. 2.10.2000, og 1 ind. 23.9.2002.

**Vintererle** *Motacilla cinerea*  
1 ind. 18.10.1999, 1 ind. Stormark 25.9.2001, 2 ind. 1.10.2002, samt 1 ind. 2.+6.10.2002. 1 ind. 5.11.2002.

**Linerle** *Motacilla alba*  
Vanleg hekkefugl. Dessutan er Fedje den mest typiske plassen i Hordaland å finne underarten svartryggerle.

**Sidensvans** *Bombycilla garrulus*  
I gode invasjonår når også ein del sidensvans Fedje, men særleg vanleg er ikkje arten sjølv i slike år.

**Fossefall** *Cinclus cinclus*  
1 ind. Husavatnet 6.1.2002.

**Gjerdsmett** *Troglodytes troglodytes*  
Mange haust- og vinterobservasjonar (Handeland m.fl. 1984). Det er ikkje oppført nokon hekkstatus for gjerdsmett på Fedje, men mest truleg hekkar arten i tilknytning til frodige hagar og kantskogar her.

**Jernsporv** *Prunella modularis*  
Sannsynleg hekkefugl. Arten er vanleg i trekktidene og har også blitt sett her i vintersesongen.

**Raudstrupe** *Erithacus rubecula*  
Vanleg å sjå på vår- og hausttrekk.

**Blåstrupe** *Luscinia svecica*  
To funn: 1 ind. våren 1980 samt 1 ind. 30.5.1984.

**Svartraudstjert** *Phoenicurus ochruros*  
Det ligg føre 7 funn av arten frå Fedje. Det er vesentleg fleire enn nokon annan stad i Hordaland, men talet hadde nok likevel vore høgare med meir omfattande feltregistrering i dei rette periodane av året.

**Raudstjert** *Phoenicurus phoenicurus*  
Trekkgjest vår og haust, men ikkje i store tal.

**Buskskvett** *Saxicola rubetra*  
Vanleg trekkgjest vår og haust.

**Svartstrupe** *Saxicola torquata*  
Det er rapportert om i alle fall 6 funn av 10 ind. av denne arten frå Fedje, inkludert i dette talet er også registrering av den austlege underarten. Så langt ligg det ikkje føre indikasjonar på hekking i kommunen, men potensialet for dette bør vere til stades.

**Steinskvett** *Oenanthe oenanthe*  
Hekkefugl. Dessutan vanleg gjest i trekktidene.

**Ringtrast** *Turdus torquatus*  
Sporadisk trekkgjest, mest frekvent rapportert om våren.

**Svartrast** *Turdus merula*  
Sannsynleg hekkefugl, men det dreier seg i så fall ikkje om mange par. Arten er talrik i trekktidene, og det overvintrar også ein del individ.

**Gråtrast** *Turdus pilaris*  
Hekkefunn 1980 (Handeland m.fl. 1984) og 2002 (3 reir funne). Sommaren 2002 vart det dessutan sett fleire fuglar nord på Fedje (ved Langedal). Vanleg trekkgjest vår og haust, dessutan overvintrar einskilde individ.

**Måltrast** *Turdus philomelos*  
Kan vere talrik på trekk om hausten, ikkje like vanleg under vårtrekket.

**Raudvengetrast** *Turdus iliacus*  
Talrik både under vår- og hausttrekket, samt at overvintring førekjem. Dei beste dagane i september kan mengdene som er til stades på øya vere oppe i fleire tusen fuglar, såleis minst 4000 ind. 18.10.1979.

**Duetrast** *Turdus viscivorus*  
Nokså sjeldan trekkgjest.

**Grashoppesongar** *Locustella naevia*  
1 ind. Fedje kyrkje 25.9.1999 (B.O.Høyland).

**Stripesongar** *Locustella lanceolata*

1 ind. Stormark 15.10.2003. Første funn i Hordaland. (Funnnet er så ferskt at det enno ikkje er handsama av NSKF, men god fotodokumentasjon ligg føre).

**Sivsongar** *Acrocephalus schoenobaenus*

Det ligg føre minst 1 vårfunn og 3 haustfunn frå Fedje.

**Gulsongar** *Hippolais icterina*

Minst 5 funn er rapportert, pussig nok alle i 1980 (Handeland m.fl. 1984).

**Hauksongar** *Sylvia nisoria*

5 funn, alle av einskildind.: 2.-3.10.1999, Våge 15.10.2001, 1 ind. (1K) 17.10.2001 og 1 ind. (1K) 5.10.2002.

**Møllar** *Sylvia curruca*

Mogleg hekkefugl. Det ligg føre i alle fall 8 funn av denne arten, som slett ikkje er vanleg å sjå i Hordaland.

**Tornsongar** *Sylvia communis*

Hekkefugl.

**Hagesongar** *Sylvia borin*

Sporadisk trekkgjest, men arten er nok oversett ein del i trekktidene.

**Munk** *Sylvia atricapilla*

Årviss trekkgjest, men aldri i store mengder.

**Bleikbrynsongar** *Phylloscopus humei*

1 ind. Husa 18.-19.10.2001 (F. Falkenberg).

**Gulbrynsongar** *Phylloscopus inornatus*

Somme haustar opptre denne vesle fuglen meir frekvent enn dei fleste veit om, og Fedje er då gjerne ein stad det er lettare enn elles å oppdage arten. Det er rapportert om i alle fall 19 individ frå Fedje. Den beste observasjonsdagen er 2.10.1999 (8 ind.), medan det vart registrert 5 individ gjennom oktober 2001.

**Bøksongar** *Phylloscopus sibilatrix*

Det ligg føre i alle fall 6 funn av arten.

**Gransongar** *Phylloscopus collybita*

Regelmessig trekkgjest.

**Lauvsongar** *Phylloscopus trochilus*

Vanleg hekkefugl, og også vanleg trekkgjest.

**Fuglekonge** *Regulus regulus*

Mogleg hekkefugl. Vanleg art i trekktidene vår og haust.

**Gråflugesnappar** *Muscicapa striata*

Tilfeldig trekkgjest.

**Dvergflugesnappar** *Ficedula parva*

2 funn: 1 ind. 1.10.2001 og 1 ind. 15.9.2002.

**Svartkvit flugesnappar** *Ficedula hypoleuca*

Uregelmessig trekkgjest, helst registrert under hausttrekket.

**Stjertmeis** *Aegithalos caudatus*

Ingen vanleg art på Fedje, faktisk kjenner ein berre to funn: 1 ind. på foringsbrett saman med kjøtmeiser 15.12.1980 (Handeland m.fl. 1984). Dessutan minst 6 ind. 4.10.1986 (P. Gylseth).

**Granmeis** *Parus montanus*

Arten er merkeleg nok ikkje nemnt av Handeland m.fl. (1984) — utegløyning? Arten er seinare kun registrert i trekktidene, og då helst i toppår.

**Toppmeis** *Parus cristatus*

Toppmeisa er ein karakterart i plantefelt av buskuru ute på kysten i Hordaland. På Fedje er arten sjeldan, og ikkje årleg. Ikkje mange plantefelt her er store nok for denne arten.

**Svartmeis** *Parus ater*

Opptre vanleg i typiske invasjonår, elles berre tilfeldig.

**Blåmeis** *Parus caeruleus*

Vanleg haust og vinter.

**Kjøtmeis** *Parus major*

To par hekka i rugekasser sommaren 1982, men resultatet vart truleg mislukka. Det er sannsynleg at arten har hekka fleire andre år også, men Fedje har ikkje mange stader som tilfredsstillar kjøtmeisa sine krav til hekking. Derimot er arten vanleg haust- og vinterstid.

**Spettmeis** *Sitta europaea*

1 ind. oktober 1986 (M. Gullaksen).

**Trekrypar** *Certhia familiaris*

1 ind. 26.9.1982 (Handeland m.fl. 1984). Det ligg dessutan føre mange haustobservasjonar frå oktober og november frå dei seinare åra.

**Tornskate** *Lanius collurio*

1 hann 29.5.1980 (Handeland m.fl. 1984). 1 ind. 17.9.1999.

**Varslar** *Lanius excubitor*

1 individ vart fanga og avliva ein gong før 1940 (Handeland m.fl. 1984). 1 individ Varden 7.10.2001. 1 individ Fedjebjørnen 8.4.2002 (F. Falkenberg).

**Nøtteskrike** *Garrulus glandarius*  
2 ind. 7.9.1979. 1 ind. 16.10.1981. 1 ind. 22.10.1981 (Handeland m.fl. 1984).

**Skjor** *Pica pica*  
Hekkefugl, maksimalt 10 par i kommunen.

**Kaie** *Corvus monedula*  
Småflokkar vert regelmessig observert vår og haust.

**Kornkråke** *Corvus frugilegus*  
Einskildind. vert regelmessig observert vår og haust, meir sjeldan om vinteren.

**Kråke** *Corvus cornix*  
Vanleg hekkefugl. Arten har lokalt natttrekk mot overnattingsplass på holmar NV for hovudøya.

**Svartkråke** *Corvus corone*  
Registrert tilfeldig ved fleire høve, m.a. 1 ind. 15.9.-14.10.2002.

**Ramn** *Corvus corax*  
Fåtaleg hekkefugl, men er vanleg å sjå til alle årstider.

**Stare** *Sturnus vulgaris*  
Vanleg hekkefugl. Er talrik under trekket, og småflokkar overvintrar regelmessig.



Stare. Foto Ingvar Grastveit.

**Rosenstare** *Sturnus roseus*  
1 ad. 1.11.1980 (Handeland m.fl. 1984). 2 ind. (1K) 15.9-5.10.2002, på hhv. Husøyna og Tangen, samt 1 ad. 29.9.-1.10.2000 (F. Falkenberg).

**Gråspurv** *Passer domesticus*  
Vanleg hekkefugl.

**Pilfink** *Passer montanus*  
Tilfeldig gjest. Arten er registrert på Fedje til alle årstider, men mest frekvent sein haust og vinter.

**Bokfink** *Fringilla coelebs*  
Småflokkar vert regelmessig sett vår og haust. Det er dessutan fleire registreringar av arten i desember og januar månad.

**Bjørkefink** *Fringila montifringilla*  
Vanleg observert i små flokkar vår og haust, samt vinter.

**Gulirisk** *Serinus serinus*  
1 ind. ved Husa 23.-24.11.1997.

**Grønfink** *Carduelis chloris*  
I dag ein vanleg gjest haust og vinter.

**Stillits** *Carduelis carduelis*  
Tilfeldig gjest i oktober og november, oftast i små tal, m.a. 5 ind. 8.11.1981. Hausten 2001 vart det totalt registrert 48 ind. på Fedje. 9 ind. Tangen 2.-3.10. samt 11.10.2002.

**Grønsisik** *Carduelis spinus*  
Tilfeldig gjest utanom hekketid, somme år i gode mengder.

**Tornirisk** *Carduelis cannabina*  
Arten synest å vere langt meir vanleg i nabo-kommunen Austrheim (sjå Byrkjeland & Overvoll 2003).

**Bergirisk** *Carduelis flavirostris* **Ansv. hekkebestand**  
Hekkefugl. Arten er generelt vanleg på Fedje.

**Brunsisik** *Carduelis cabaret*  
Mogleg hekkefugl. Arten var inntil nylig rekna som ein underart av gråsisik, men både utbreiing, draktforskjellar og storleik gjer at brunsisiken no har fått status som eigen art. Brunsisiken er tilknytta kystnære furuskogsområde i Sør-Noreg. Arten opptreir også vanleg i større og mindre flokkar i trekktidene og om vinteren, gjerne i blandingsflokkar med gråsisik.

**Gråsisik** *Carduelis flammea*  
Opptreir vanleg i større og mindre flokkar i trekktidene og om vinteren, gjerne i blandingsflokkar med brunsisik. Har som hekkeart langs kysten ei meir nordleg utbreiing enn brunsisiken, og er i vårt fylke knytta til bjørkeskogen i indre fjordstrok og områda opp mot bjørkebeltet.

**Polarsisik** *Carduelis hornemanni*  
1 ind. 18.11.1986, 1 ind. 8.10. og 18.10.1999.

**Bandkrossnebb** *Loxia leucoptera*  
1 ind. 26.9, 2.10 og 6.-7.10.1999. Vinteren 2002/2003 var det ein uvanleg stor invasjon av arten i Sør-Noreg, og dette vart også registrert på Fedje.

**Grankrossnebb** *Loxia curvirostra*

Flokkar med krossnebbar er ikkje uvanlege på Fedje om hausten. Artsbestemming av slike fuglar er vanskeleg, men truleg vitjar både gran- og furukrossnebb Fedje frå tid til anna.

**Furukrossnebb** *Loxia pytyopsittacus*

Sjå grankrossnebb. Arten opptretr mindre frekvent enn grankorsnebben ved Fedje.

**Rosenfink** *Carpodacus erythrinus*

Fire funn av einskildind.: 6.9.1998, 25.9.2001, 19. 10.2001 og 4.10.2002.

**Dompap** *Pyrrhula pyrrhula*

Arten er stundom å sjå på Fedje haust og vinter. Hausten 1994 var det ekstremt mange, heile 80 individ 25.10.1994 (A.T. Mjøs).

**Kjernebitar** *Coccothraustes coccothraustes*

Einskilde individ sett 11.4.1984 (Koppen) og 19.9. 1999. Hausten 2001 vart arten sett 5 ulike datoar.

**Lappsporv** *Calcarius lapponicus*

Fåtalig gjest i trekktidene.

**Snøsporv** *Plectrophenax nivalis*

Årviss gjest i vinterhalvåret. Småflokkar er då ikkje uvanleg å sjå i og nær strandsona.

**Gulsporv** *Emberiza citrinella*

Regelmessig gjest i vinterhalvåret.



Gulsporv.  
Foto: Ingvar Grastveit.

**Hortulan** *Emberiza hortulana*

1 ind. 1.10.1983. 1 ind. 29.8.-1.9.1998. 1 ind. 25.9. 1999. 1 ind. 1.-2.10.2002.

**Viersporv** *Emberiza rustica*

Tre funn av einskildind.: 29.4.1986, 9.10.1997 og 6.9.1998. Einaste funna i Hordaland.

**Dvergsporv** *Emberiza pusilla*

To funn: 1 ind. 18.10.1999, 1 ind. 6.10.2001.

**Sivsporv** *Emberiza schoeniclus*

Mogleg hekkfugl. Årviss gjest i trekktidene, men i små tal.

**PATTEDYR**

Fedje er det mest ekstreme øysamfunnet i Hordaland, og distansen til andre øyar og fastland er stor. Såleis er det små sjansar for at pattedyr som ikkje er særst flinke til å symje eller kan flyge vil kunne ta seg fram hit. Nokre artar er nok sett ut av menneske opp gjennom åra, utan at ein alltid kjenner detaljar om dette. Det er ikkje utenkjeleg at dette kan ha skjedd med piggsvin og ekorn, men i så fall har ikkje desse bestandane greid seg så lenge.

**FLAGGERMUS**

Grunna vanskeleg artsbestemming er flaggermus ei dyregruppe ein veit relativt lite om. Fram til 1989 var samlingane ved Zoologisk Museum Bergen den viktigaste kjelda til kunnskap om førekomst og utbreiing av dei ulike flaggermusartane i Hordaland. I 1989 og utover på 1990-talet gjennomførte Tor Stormark feltundersøkingar i samband med ei hovudfagsoppgåve. Han gjennomførte òg undersøkingar finansiert av Fylkesmannen si miljøvernaveiding (ei oppsummering er gitt i Stormark 1996). I 1998 og 1999 gjennomførte Norsk Zoologisk Forening, på oppdrag frå Fylkesmannen si miljøvernaveiding, ei fylkesdekkande undersøking av flaggermus (Syvertsen m.fl. 2001). Dei nemnde undersøkingane har gitt mykje ny kunnskap om utbreiing og førekomst av flaggermus i Hordaland, og til no er sju artar med sikkerheit registrerte i fylket.

Fleire flaggermusartar er oppførte i kategorien DM - bør overvakast på den norske raudlista. Dette er først og fremst eit uttrykk for at ein har lite kunnskap om dei. Flaggermus er elles i ein spesiell forvaltningssituasjon, i og med at både dag-, vinter- og barselkoloniar ofte er knytta til bygningar.

Syvertsen m.fl. (2001) var ikkje på Fedje og registrerte flaggermus. Ein veit at det finst flaggermus i alle fall på hovudøya, men desse har aldri vore artsbestemte. Mest truleg dreier det seg om nordflaggermus (som er den vanlegaste flaggermusarten på Vestlandet), men her kan også vere andre artar.

Meir informasjon om flaggermus finn du på nettsidene til Norsk Zoologisk Forening. Her ligg det òg mykje informasjon om dei andre norske pattedyrartane: <http://www.zoologi.no>



I mangel av raudrev er minken er det einaste rovpattedyret på Fedje, og ein reknar med at arten har hatt innverknad på bestanden av villkanin opp gjennom åra. For tida synest minkbestanden her å vere noko lågare enn t.d. på slutten av 1990-talet, samstundes som nokre meiner at kaninen kan vere i svak framgang. Foto: Ingvar Grastveit.

## ROVDYR

### **Mink** *Mustela vison*

Nordamerikansk art som vart innført til Noreg som pelsdyr i 1930-åra. Ville minkar er etterkommarar av dyr som har rømt frå pelsdyrfarmer. Arten er vanleg i heile Fedje kommune, og er i første rekkje knytt til strandsona. Bestanden av villkanin på Fedje har gått sterkt tilbake dei siste tiåra. I mangel av raudrev på vert dette gjerne sett i samanheng med predasjon frå mink.

### **Oter** *Lutra lutra*

**Bør overvakast (DM)  
Ansvarsart**

Oteren er for tida i ferd med å rekolonisere Hordaland, og dette skjer først i dei ytre kommunane nord i fylket. Såleis har Austrheim og Masfjorden i dag fått etablert faste bestandar. Det er noko uvisst om vi enno har fått dette i Fedje, men det er grunn til å tru at oteren vil etablere seg også her ute i nær framtid.



## HJORTEDYR

### **Hjort** *Cervus elaphus*

Fedje er den siste kommunen i Hordaland som vart kolonisert av hjort. Bestanden talde pr. 2003 14 dyr (mot 13 året før), noko som ein meiner er for lite til at ein kan tillate jakt på arten. Fedje er såleis den einaste kommunen i fylket som enno ikkje har jaktkvoter på hjort, men det har vore på tale å innføre dette.

## HAREDYR

### **Villkanin** *Oryctolagus cuniculus*

Villkaninen vart innført til Fedje i 1893, med dyr frå Shetland (der arten også er innført). Villkanin vart sett ut fleire stader i Sør-Noreg på den tida, men det er berre Fedje og Edøy på Nordmøre som enno har ein bestand att. Arten var utbreidd over store delar av hovudøya og også talrik kring 1950, bestanden er langt mindre i dag og no helst konsentrert til sørvestre delar av øya. Mest truleg er predasjon frå mink ei viktig årsak til at bestanden har gått så kraftig tilbake, men også andre faktorar kan spele inn. Det vert i dag ikkje jakta på villkanin på Fedje, sjølv om sentrale miljøstyresmakter faktisk oppmodar til å desimere bestandar av artar som er sett ut lokalt og ikkje høyrer heime naturleg i den lokale faunaaen.

Villkaninen hadde tidlegare ei vidare utbreiing på Fedje enn i dag (sjå mellom anna kart i Olsnes 1982). Områda nord på hovudøya kan framleis ha små bestandar, men det viktige området for arten ligg i dag sørvest på hovudøya, ved Fjeldheim. Ein mindre bestand finst også ved Stormark. Ein har inntrykk av at bestanden kan ha auka litt igjen dei aller siste åra).

## GNAGARAR

### **Brunrotte** *Rattus norvegicus*

Arten var for mange år sidan vanleg på Fedje, truleg med utgangspunkt i rotter som kom med båtar til øya. Det skal framleis finnast ein bestand av arten her, og somme finn grunn til å leggje ut rottegift.

Det finst òg andre smågnagarar på Fedje, men det uvisst kva artar det dreier seg om. Mellom anna melder Aage Husa om at han vinteren 2002/2003 fanga 4-5 mus i kjellaren. Mest truleg dreier det seg om lita skogmus, men dette får det vere ei framtidsoppgåve å klarleggje nærare.

*Villkaninen har vore på Fedje i over hundre år, men svært få har bilete av desse dyra! Dette individet vart fotografert ved Varden 16.10.2003 — ein av stadene der arten stundom vert sett. Foto: Frode Falkenberg.*



## 8. KVA BØR KARTLEGGAST BETRE?

Av ressursmessige grunnar har ein i dei fleste kommuner berre i liten grad kunne nytte feltarbeid for kontroll og avgrensing av viltområda. Fedje er imidlertid betre stilt enn andre kommunar i Hordaland, ettersom landarealet er over-



*Det er viktig å overvake utviklinga i sjøfuglbestandane på Vestlandet, ettersom mengda av fleire artar endrar seg mykje over kort tid. Ein viktig overvintrande sjøfuglart på Fedje er havella — ein art som og inngår på den nasjonale raudlista. Foto: Ingvar Grastveit.*



*Havørnbestanden er for tida i positiv utvikling i Hordaland, og arten hekkar no i dei fleste kommunane i ytre og midtre delar av fylket. Eit par er til no påvist hekkande på Fedje. Foto: Ingvar Grastveit.*

komeleg, dessutan har ein i utgangspunktet hatt god kunnskap om dei viktigaste sjøfuglførekomstane. Likevel er det nokre dyregrupper ein har dårleg oversikt over i Fedje kommune også. Under er det føreslått nokre konkrete felt der kunnskapen bør oppdaterast.

**Sjøfuglkartlegging.** Det pågår for tida eit omfattande kartleggingsprogram av sjøfugl på Vestlandet i regi av fylkesmennene. Her vil det dei nærmaste åra kome ny og oppdatert kunnskap om sjøfuglførekomstane. Sjøfugl er særskild viktige i ein kommune som Fedje, og viltkarta bør oppgraderast når desse nye opplysningane er tilgjengelege. Det bør heller ikkje gå for lang tid før eit slikt registreringsgrunnlag vert oppdatert, for særleg viltartar knytta mot det marine miljøet er underlagt store endringar over ganske få år.

**Flaggermus.** Kartlegging av flaggermus er særskild krevande og er ein jobb for spesialistar. Dersom høvet skulle kome, bør ein nytte sjansen til å få utvida kunnskapsgrunnlaget om flaggermus på Fedje, sjølv om ein ikkje kan forvente at særleg mange artar blir registrert. Slike registreringar har først og fremst vitskapeleg interesse. Større barselkoloniar, dagleie eller overvintringsstader kan ha forvaltingsmessig interesse, men kan vere vanskelige å handtere, sidan slike stader ofte finst i hus.

**Smågnagarar.** Som nemnt veit ein lite om kva smågnagarar som finst på Fedje. Ei oversikt over dette vil først og fremst ha vitskapeleg interesse.

**Kartlegging av spesielt krevande viltartar.** Nokre artar krev store ressursar i form av økonomi og initiativ for å kunne kartlegge fullgodt. I Fedje merkar hubro og oter seg særskilt ut i ein slik samanheng. Begge artane er raudlista og oteren er òg norsk ansvarsart, derfor er det viktig å ha best mogleg oversikt over bestandssituasjonen for desse artane. Dersom einskildpersonar eller lag ønskjer å engasjere seg i detaljkartlegging, bør slike tiltak støttast og stimulerast dersom ein har høve til det.

## 9. BRUKARINTERESSER I NATUREN OG KONFLIKTAR I FORHOLD TIL VILTET

Det kan ofte oppstå konflikter mellom viltinteresser og vår eigen arealbruk og næringsinteresser. Under blir det gitt ein omtale av nokre av dei vanlegaste konfliktområda. Nokre av desse konfliktområda har liten relevans for Fedje, men blir nemnde i litt generelle ordelag.

### SKOGBRUK

Den tradisjonelle konflikten mellom vilt og skogbruk er knytt til utnytting av produktiv skog for tømmerproduksjon. Etter innføringa flatehogst og omfattande treslagsskifte på 1950-talet, har fleire viltartar vist bestandstilbakegang. Det er særleg arealkrevjande artar (t.d. hønehauk og storfugl) og artar som til dels er avhengige av død ved (t.d. kvitryggspett og gråspett), som taklar dei moderne driftsformene dårleg. På Fedje er denne problemstillinga uaktuell, ettersom skogarealet er svært lite og det som finst av skog stort sett er ung planteskog. Men der det finst litt eldre lauvskog eller krattskog mot t.d. våtmarker, bør ein ta omsyn til viltet ved hogst eller rydding, og alltid la ein del slike område stå urørde.

### JORDBRUK

Også jordbrukslandskapet er viktig for mange viltartar. Mange viltartar finst i høgare tal i jordbrukslandskapet enn dei ville ha gjort naturleg. Jordbrukslandskapet er kjenneteikna ved høg primærproduksjon, noko som også viltet kan dra nytte av (jordbruksområda får kunstig høg planteproduksjon ved gjødsling, og i tillegg er jordbruksareala som regel lagt til dei frå før mest produktive områda). Særleg det småskala jordbrukslandskapet, er samansett av ei rekkje ulike biotopar med leveområde for ei mange ulike viltartar.

Mange av viltartane finst truleg i høgare tal i jordbrukslandskapet enn i dei naturlege leveområda sine. Enkelte artar ville òg vore sjeldne eller kanskje heilt fråverande lokalt, utan jordbrukslandskapet (t.d. låvesvale, stare og gråsporv). Lyngheimråda på Fedje kan òg reknaast til jordbrukslandskapet og fleire av hekkefuglane i kommunen er knytt til mosaikken av myr og lynghei (t.d. storspove, enkltebekkasin, heipiplerke).

Intensivering og mekanisering av jordbruket har ført til eit meir einsarta landskap der tilgangen på ulike levestader er lågare enn ved tradisjonell

jordbruksdrift. Karakteristiske trekk ved dagens jordbruk som kan ha negative konsekvensar for viltet er: Attgroing av beitemark, kanalisering og lukking av bekkar, grøfting av fuktmark, fjerning av kantskog og åkerholmar, sprøyting, vassforureining ved utslepp av gjødsel og silosaft, tørrlegging og oppdyrking av våtmark.

Viltet på si side kan ha uønskte verknader på landbruket. Særleg kan ei veksande hjortestamme føre til auka problem med beiteskadar på skog og innmark..

### FRILUFTSLIV OG FERDSLE

I Noreg har allmenta lovfesta rett til fri ferdsle i utmarka. Dette gjeld dei fleste former for friluftsliv, men med visse avgrensingar (jakt, fiske og motorisert- og organisert ferdsle). Ferdsle i utmark er ofte eit resultat av den einskilde si interesse for natur og naturopplevingar. Likevel vil slik ferdsle, både til lands og på vatn, nesten alltid kunne ha visse negative konsekvensar for viltet. Spesielt i yngletida er mange viltartar vare for uroing, men også til andre årstider kan stress på grunn av ferdsle føre til at somme artar endrar bruken av området. Stor generell ferdsle kan føre til lavare bestandar av fleire artar. Hundar kan gjere stor skade på viltet dersom dei blir sleppte laus i viltet si yngletid. Det er difor innført generell bandtvang i Noreg i tida mellom 1. april - 20. august, og mange kommunar i Hordaland har strengare reglar for bandtvang enn dette.

### JAKT

Som ved anna ferdsle i utmark kan jakt, ved ferdsle i seg sjølv, ha uheldige verknader på viltet, også dei artane som ikkje er jaktbare. Jakta føregår imidlertid til den tida på året der viltet er minst sårbart for uroing.

Når det gjeld hjortevilt, er jakta eit viktig bestandsregulerande verkemiddel. Prinsippet om retta avskyting er innført for å oppnå ei ønska kjønns- og alderssamansetjing i bestanden for dermed å oppnå optimal produksjon. Retta avskyting føreset at ein har god kjennskap til bestandsstorleik og alders- og kjønnsfordelinga i bestanden. «For store» bestandar av hjortevilt kan føre til lågare slaktevekter (generelt dårlegare kondisjon), redusert overleving og store beiteskadar på skog og innmark. Kor stor ein ynskjer at bestanden av dei ulike hjorteviltartane skal vere blir difor ei avveging mellom optimal

produksjon i forhold til tilgjengeleg beite og omfanget av beiteskadar.

Generelt er uttaket av vilt i samband med jakta antatt å ha liten innverknad på viltbestandane talmessig. Likevel vil eit høgt lokalt jaktpress over tid truleg kunne føre til ein reduksjon i lokale viltbestandar (Kastdalen 1992, Hjeljord 1994), både som ein følgje av uttaket og ved at viltet flyttar til andre område. Difor er det viktig at den lokale viltforvaltninga til ei kvar tid vurderer kvar grensa for forsvarleg uttak går.

## FAUNAKRIMINALITET

Jakt og fangst av freda vilt, særleg truga og sårbare rovfuglar og uglar, er eit utbreidd problem på landsbasis. Dette gjeld både ulovleg felling av det nokre oppfatter som «skadevilt», felling av sjeldne artar for utstopping og ulovleg innsamling av egg og ungar t.d. for falkonering. I Noreg er det generelt forbod mot eggssamling, og medviten forstyrring av hekke/yngeplassar kan òg i alvorlege tilfelle reknast som faunakriminalitet. Omfanget av slik aktivitet lokalt på Fedje er ikkje kjent, men ved mistanke om ulovleg eller uansvarleg aktivitet bør lensmannsetaten og miljøvernansvarleg i kommunen varslast. I enkelte område kan det vere aktuelt å vurdere eit oppsynssamarbeid med folk frå lokalmiljøet.

## BUSTADOMRÅDE OG INDUSTRI

Bygging av bustadar, industri, havneområde osv. vil alltid ha visse negative konsekvensar for enkelte viltartar. Direkte ved sjølve arealinngrepet og indirekte ved auka aktivitet, ferdsel og støy. I framtidig arealforvaltning er det viktig at industri, bustadfelt eller hyttefelt ikkje blir lagt innanfor prioriterte viltområde og heller ikkje så nær opptil desse at dei blir vesentleg negativt påverka.

## VASSDRAGSREGULERING

Regulering av vassdrag, t.d. i samband med kraftproduksjon, drikkevassforsyning eller smoltproduksjon, kan ha uheldige verknadar på viltet. Det kan føre til oversvømming av hekkeområde og dårlegare næringstilgang gjennom uttørring av bekkar (t.d. dårlegare produksjon av fisk, botndyr og insekt). Når det gjeld endringar i vasstand er særleg lomartane utsette fordi dei oftast bygger reiret like i vasskanten.

## KRAFTLEIDNINGAR

Kollisjon med kraftleidningar tek livet av svært mykje fugl, og dei årlege tala er truleg sjusifra. Når det gjeld dei jaktbare artane, særleg hønsfuglar, reknar ein med at kraftleidningar kvart år tek livet av fleire fuglar enn det som blir felt under jakta.

Det er dei mindre høgspenlinjene som er farlegast for viltet, fordi dei er mindre synlege og ofte ligg i høgde med tretoppene. Men også større høgspenliner er farlege, særleg i skumringa og om natta.

Dei fleste fuglane misser livet ved kollisjon med leidningane, men enkelte rovfuglar og uglar er òg utsette for såkalla elektrokusjon. Desse brukar stolpane som utkikkspost og kan få straum gjennom seg når dei rører ved to leidningar eller leidning og jord samstundes. Problemet er kjent både for hubro og hønssehauk, men hubroen er særleg utsett. Problemet kan fjernast ved å isolere leidningane med plaststrømper dei første metrane ut frå kvar stolpe.

På grunn av faren for påflyging og elektrokusjon, er det viktig å ta omsyn til viltet ved plassering av nye linetraséar. Ein bør unngå å legge kraftlinjer gjennom dei prioriterte viltområda, men dersom det likevel ikkje er til å unngå, kan god planlegging redusere skadeverknadane. Kraftliner bør ikkje leggjast i inn- og utflygingsruta frå våtmarkslokalitetar, nær spelplassar for skogshøns eller i nærleiken av hekkeplassar for rovfugl og hubro. I særleg utsette område bør ein vurdere jordkabel.

## AVFALL

Opne avfallsplassar har ofte blitt trekte fram i samband med uønskt store populasjonar av rev og kråkefugl, som blir sett på som viktige predatorar på egg og ungar av jaktbart vilt. *Men kor stor rolle kråkefuglane spelar her er høgst usikkert.*

Små, private avfallsplassar kan ha den same effekten som større kommunale fyllingar. I område med storviltjakt har det òg blitt reist spørsmål om slakteavfall frå jakta kan vere med å oppretthalde «kunstig» høge bestandar av rev og kråkefugl (Smedshaug & Sonerud 1997). Dersom ein har mistanke om at dette kan vere eit problem, bør ein ta konsekvensen av dette og «feie for eiga dør».

## OPPDRETTSANLEGG

Oppdrettsanlegg legg beslag på areal i kystsona og i og ved enkelte ferskvatn. Dette kan føre til visse konflikter i høve til viltinteressene. Eit oppdrettsanlegg kan ha ein direkte uroingseffekt, og plassering av anlegget nært kjende hekkeplassar for sjøfugl og andre nøkkelområde for viltet kan vere uheldig. Andre konflikter går på at enkelte dyreartar nyttar oppdrettsanlegg som matfat. Dei mest aktuelle «konfliktartane» er skarv, gråhegre, måsar (spesielt gråmåse og svartbak), ærfugl (som et blåskjel), oter og steinkobbe. Ei undersøking mellom fiskeoppdrettarane i Hordaland som Fiskeridirektoratet og fylkesmannen samarbeidde om i 2001 tyder likevel på at konflikten mellom oppdrettsverksemd og vilt ikkje er særskilt stor i Hordaland.

Det er viktig at ein tar omsyn til denne problematikken ved framtidig plassering av oppdrettsanlegg. Dersom plassering av anlegga blir gjort i samråd med viltstyresmaktene, vil ein i større grad kunne unngå opplagte konflikter.



*Frå tid til anna oppstår kampanjar for å redusere kråkebestanden ulike stader i Noreg. Aksjonane vert fremja som viltstelltiltak, som eit forsøk på å auke bestanden av «nyttevilt» ved å beskatte potensielle predatorar. Like fullt er den faglege grunngjevinga for slike aksjonar ofte mangelfull — det er høgst uklart kva effekt ein kråkebestand har på bestanden av andre lokale viltartar. I Noreg er kråka no ein jaktbar viltart på line med mange andre artar, med ordinært fastsett jaktidsramme. Foto: Ingvar Grastveit.*

## 10. INFORMANTAR

Ei lang rekke personar har medverka til innhaldet i denne rapporten. Særleg viktige har dei mange amatørornitologane i Norsk Ornitologisk Forening vore, som har vitja Fedje ofte i all slags ver og rapportert om kva dei har registrert. Frode Falkenberg har lese gjennom rapporten og oppdatert opplysningane om samtlige fugleartar i ei grad som er umogleg i alle andre kommunar

i fylket. Særs nyttig har også innsatsen til Øyvind Olsnes, Morten Gullaksen og Oddbjørn Handeland vore, ettersom dei var aktive og interesserte i ei tid då ornitologmiljøet elles i Hordaland ikkje hadde satt Fedje i same fokus som no. Takk skal også Bjørn Moe ha, for medverknad i felt og utveksling av informasjon om aktuelle registreringar ved parallelt feltarbeid.

## 11. LITTERATUR

- Byrkjeland, S. 1993. Hekkande sjøfugl i Hordaland 1993. *Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernnavd., rapp. 14/1993: 1-49.*
- Byrkjeland, S. 1999. Status for hekkande sjøfugl i Hordaland 1980-1998. *Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernnavd. MVA Rapport nr. 2/1999. 106 s. + vedlegg.*
- Byrkjeland, S. & Sætre, J. 1999. *Sjøfugl i Hordaland utanom hekketid.* Intern rapport til Fylkesmannen i Hordaland.
- Danielsen, I. 1996. Handlingsplan for truede og sårbare viltarter i Hordaland - med rødliste. *MVA-rapport 2-1996. 74 s.*
- Direktoratet for naturforvaltning 1996. *Viltkartlegging. DN-håndbok 11. 112 s.*
- Direktoratet for naturforvaltning 1999. Nasjonal rødliste for truede arter i Norge 1998. *DN-rapport 1999-3. 162 s.*
- Falkenberg, F. 2003. Fugler i Hordaland 2002. *Krompen 32,3: 131-156.*
- Gjershaug, J.O., Thingstad, P.G., Eldøy, S. & Byrkjeland, S. (red.) 1994. *Norsk fugleatlas.* Norsk Ornitologisk Forening, Klæbu.
- Hjeljord, O. 1995. Ryper og jakt. Hvor stort uttak tåler en rypestamme? *Fagnytt Naturforvaltning nr. 6-1995. 4 s.*
- Håland, A. 1979. Invasjonsartet opptreden av taffeland. *Krompen 8: 87-93.*
- Håland, A. 1985. Taksering av mytende ærfugl *Somateria mollissima* i SV-Norge. *Zool. Mus., Univ. i Bergen, rapp. ornitologi 22: 1-25.*
- Håland, A. & Byrkjeland, S. 1985. Vintertellinger av sjøfugl i Nordhordland februar 1985. *Zool. Mus., Univ. i Bergen, Rapp. Ornitologi nr. 23: 1-69.*
- Jacobsen, O. 1984. Haukugleinvasjonen i Hordaland høsten 1983. *Krompen 13: 133-135.*
- Kastdalen, I. 1992. Skogshøns og jakt. - *Rapport, Norges Jeger og Fiskerforbund. 37s.*
- Moe, B. 2003. Kartlegging av naturtypar i Fedje. *MVA-rapport 2/2003.*
- Smedshaug, C.A. & Sonerud, G.A. 1997. Rovdyr, åtsler og predasjon på småvilt. *Fagnytt naturforvaltning nr. 8-1997: 1-4. Norges landbrukshøgskole.*
- Steen, O.F. 1996. Vandrefalkens bestandsstatus i Norge - fylkesoversikt pr. 1995. *Vandrefalken 3: 7.*
- Stormark, T.A. 1996. Flaggermus i Hordaland. Del III, s. 174-180 i Olsen, K.M. (red.): Kunnskapsstatus for flaggermus i Norge. *Norsk Zoologisk Forening. Rapport 2. 210 s.*
- Syvertsen, P.O., Isaksen, K., Olsen, K.M., Rigstad, K. & Starholm, T. 2000. Kartlegging av flaggermus i Hordaland. Kunnskapsstatus 1999. *Norsk Zoologisk Forening. Rapport 9, manuskript.*



## VEDLEGG I. ARTSLISTE

I den følgjande artslista har vi prøvd å gje ein grov kvantitativ status for dei ulike viltartane i Fedje. Mange av desse vurderingane er noko skjønsmessige. I somme tilfelle er kunnskapsgrunnlaget utilstrekkeleg. Og særleg når det gjeld ein del fugleartar varierer talet svært mykje frå årstid til årstid og frå år til år. Det er sjølvsagt òg store nyansar i førekomsten artane imellom, og ikkje minst mellom dei ulike artsgruppene, som er umogleg å få fram i ei slik oversikt. For nokre artar, der ein meiner å ha grunnlag for det, er det gjort eit estimat for talet på hekkepar. Mengda for nokre sjøfuglartar (tal individ pr. 1999) er oppført i vinterkolonnen. Det vil òg vere mogleg å finna meir utfyllande informasjon i statuskapitlet. Ein del av vurderingane i lista kan heilt sikkert diskuteras, og det er eit ønske at ein i framtida skal få betre kunnskap om dei ulike artane sin status i kommunen.

Kodar nytta i artslista:

Status	Førekomst
D konstatert yngling	(x) enkeltobservasjonar
C sannsynlig yngling	(xx) fåtalig, uregelmessig
B mogleg yngling	X fåtalig, regelmessig
O observert	XX vanleg
* tidlegare	XXX talrik

Oppsummering:

Dyregruppe	Status				Totalt
	D	C	B	O	
Amfibium	0	2	0	0	2
Krypdyr	0	0	0	0	0
Fuglar	38	9	7	174	228
Pattedyr	3	2	0	0	5
<b>Totalt</b>	<b>41</b>	<b>13</b>	<b>7</b>	<b>174</b>	<b>235</b>

Norsk navn	Vitskapeleg navn	Status	Førekomst			
			Vår	Sommar	Haust	Vinter
<b>AMFIBIUM</b>						
Padde	<i>Bufo bufo</i>	C	x	xx	x	I dvale
Frosk	<i>Rana temporaria</i>	C	xx	xx	xx	I dvale
<b>FUGLAR</b>						
<b>LOMMAR</b>						
Smålom	<i>Gavia stellata</i>	D*	xx	(x)	xx	(x)
Storlom	<i>Gavia arctica</i>	O	(x)			
Islom	<i>Gavia immer</i>	O	x		x	x
Gulnebbblom	<i>Gavia adamsii</i>	O	x		x	x
<b>DYKKARAR</b>						
Dvergdykker	<i>Tachybaptus ruficollis</i>	O				0-5
Gråstrupedykker	<i>Podiceps grisegena</i>	O			(xx)	x
Horndykker	<i>Podiceps auritus</i>	O	(x)		(x)	(x)
<b>STORMFUGLAR</b>						
Havhest	<i>Fulmarus glacialis</i>	O	xxx	(xx)	xxx	(xx)
Storlire	<i>Puffinus gravis</i>	O		(x)		
Grålire	<i>Puffinus griseus</i>	O		(xx)	x	
Havlire	<i>Puffinus puffinus</i>	O	(xx)			
Havsvale	<i>Hydrobates pelagicus</i>	O		x	x	
<b>PELIKANFUGLAR</b>						
Havsule	<i>Sula bassana</i>	O	xx	x	xx	x
Storskarv	<i>Phalacrocorax carbo</i>	O	xx	x	xxx	250
Toppskarv	<i>Phalacrocorax aristotelis</i>	H	x	<10	x	25
<b>STORKEFUGLAR</b>						
Egretthege	<i>Egretta alba</i>	O	(x)			
Gråhege	<i>Ardea cinerea</i>	D*	xx	x	xx	xx

Norsk navn	Vitskapeleg navn	Status	Førekost			
			Vår	Sommar	Haust	Vinter
<b>ANDEFUGLAR</b>						
Knoppsvane	<i>Cygnus olor</i>	O		(x)		
Sangsvane	<i>Cygnus cygnus</i>	O	(xx)			x
Sædgås	<i>Anser fabialis</i>	O	(x)			
Kortnebbgås	<i>Anser brachyrhynchus</i>	O			(xx)	
Tundragås	<i>Anser albifrons</i>	O			(x)	(x)
Grågås	<i>Anser anser</i>	D	xxx	xxx	xxx	x
Kanadagås	<i>Branta canadensis</i>	O	x	x	x	x
Kvitkinngås	<i>Branta leucopsis</i>	O	x		x	
Ringgås	<i>Branta bernicla</i>	O	x		x	
Gravand	<i>Tadorna tadorna</i>	O	(x)		(x)	
Brunnakke	<i>Anas penelope</i>	O	x		xx	
Snadderand	<i>Anas strepera</i>	O	(x)			
Krikkand	<i>Anas crecca</i>	C	x	0-2	xx	(x)
Stokkand	<i>Anas platyrhynchos</i>	D	xx	xx	xx	xx
Stjertand	<i>Anas acuta</i>	O	(x)			
Knekkand	<i>Anas querquedula</i>	O			(x)	
Skjeand	<i>Anas clypeata</i>	O	(x)			
Taffeland	<i>Aythya ferina</i>	O			(x)	
Toppand	<i>Aythya fuligula</i>	O	x			
Bergand	<i>Aythya marila</i>	O	(x)			(x)
Ærfugl	<i>Somateria mollissima</i>	D	xxx	ca 150	xxx	1000
Praktærfugl	<i>Somateria spectabilis</i>	O				(x)
Havelle	<i>Clangula hyemalis</i>	O	xx	x	xx	300
Svartand	<i>Melanitta nigra</i>	O	xx	x	x	xx
Sjørørre	<i>Melanitta fusca</i>	O	(xx)			x
Kvinand	<i>Bucephala clangula</i>	O	x		x	x
Lappfiskand	<i>Mergus albellus</i>	O	(x)		(x)	
Siland	<i>Mergus serrator</i>	D	x	x	xx	xx
Laksand	<i>Mergus merganser</i>	O	(x)	(x)		(x)
<b>ROVFUGLAR</b>						
Havørn	<i>Haliaeetus albicilla</i>	D	x	1	x	x
Sivhauk	<i>Circus aeruginosus</i>	O	(x)			
Hønehauk	<i>Accipiter gentilis</i>	O	x		x	
Sporvehauk	<i>Accipiter nisus</i>	O	x		x	x
Kongeørn	<i>Aquila chrysaetos</i>	O	(x)		(x)	x
Tårnfalk	<i>Falco tinnunculus</i>	O	x		x	
Dvergfalk	<i>Falco columbarius</i>	O	x		x	
Jaktfalk	<i>Falco rusticolus</i>	O	(x)			(x)
Vandrefalk	<i>Falco peregrinus</i>	O	(xx)		(xx)	(xx)
<b>HØNSEFUGLAR</b>						
Lirype	<i>Lagopus lagopus</i>	O?		(x)		
Orrfugl	<i>Tetrao tetrix</i>	B	x	x	x	x
<b>TRANEFUGLAR</b>						
Vannrikse	<i>Rallus aquaticus</i>	O				(x)
Myrrikse	<i>Porzana porzana</i>	O		(x)		
Sivhøne	<i>Gallinula chloropus</i>	O				(x)
Sothøne	<i>Fulica atra</i>	O	(x)			(x)
<b>VADEFUGLAR</b>						
Tjeld	<i>Haematopus ostralgeus</i>	D	xxx	xxx	xx	
Dverglo	<i>Charadrius dubius</i>	O	(x)		(x)	
Sandlo	<i>Charadrius hiaticula</i>	O	(x)		x	
Boltit	<i>Charadrius morinellus</i>	O	(x)			
Sibirlo	<i>Pluvialis fulva</i>	O			(x)	
Heilo	<i>Pluvialis apricaria</i>	O	x		xx	
Tundralo	<i>Pluvialis squatarola</i>	O			x	



Norsk navn	Vitskapeleg navn	Status	Førekost			
			Vår	Sommar	Haut	Vinter
Vipe	<i>Vanellus vanellus</i>	D	xx	xx	xx	(xx)
Polarsnipe	<i>Calidris canutus</i>	O			x	
Sandløper	<i>Calidris alba</i>	O			(x)	(x)
Dvergsnipe	<i>Calidris minuta</i>	O			x	
Temmincksnipe	<i>Calidris temminckii</i>	O			(x)	
Tundrasnipe	<i>Calidris ferruginea</i>	O			x	
Fjøreplytt	<i>Calidris maritima</i>	O	x		x	xx
Myrsnipe	<i>Calidris alpina</i>	O			xx	
Fjellmyrløper	<i>Limicola falcinellus</i>	O			(x)	
Brushane	<i>Philomachus pugnax</i>	O	x	x	xx	
Kvartbekkasin	<i>Lymnocyptes minimus</i>	O			x	
Enkeltbekkasin	<i>Gallinago gallinago</i>	D	x	x	x	(xx)
Dobbeltbekkasin	<i>Gallinago media</i>	O			(x)	
Rugde	<i>Scolopax rusticola</i>	O	(x)		x	(xx)
Svarthalespove	<i>Limosa limosa</i>	O	(x)		(x)	
Lappspove	<i>Limosa lapponica</i>	O	x		x	
Småspove	<i>Numenius phaeopus</i>	C	x	x	x	
Storspove	<i>Numenius arquata</i>	D	xx	xx	xx	x
Sotsnipe	<i>Tringa erythropus</i>	O	x		x	
Raudstilk	<i>Tringa totanus</i>	D	x	ca 10	xx	(xx)
Gluttsnipe	<i>Tringa nebularia</i>	O	x		x	
Skogsnipe	<i>Tringa ochropus</i>	O	x		x	
Grønstilk	<i>Tringa glareola</i>	O	(x)	(x)		
Strandsnipe	<i>Actitis hypoleucos</i>	D*	x		x	
Steinvender	<i>Arenaria interpres</i>	D	≤4	x	x	xx

#### JOAR, MÅSAR OG TERNER

Polarjo	<i>Stercorarius pomarinus</i>	O	(x)	(x)		
Tjuvjo	<i>Stercorarius parasiticus</i>	D	xx	x	x	
Fjelljo	<i>Stercorarius longicaudus</i>	O	(x)			
Storjo	<i>Stercorarius skua</i>	O	x	(xx)	(xx)	
Hettemåse	<i>Larus ridibundus</i>	D	xx	xx	x	x
Fiskemåse	<i>Larus canus</i>	D	xx	50-100	xx	xx
Sildemåse	<i>Larus fuscus</i>	D	xx	ca 50	xx	
Gråmåse	<i>Larus argentatus</i>	D	xxx	ca 350?	xxx	xxx
Grønlandsmåse	<i>Larus glaucoides</i>	O	(x)		(x)	
Polarmåse	<i>Larus hyerboreus</i>	O			x	x
Svarbak	<i>Larus marinus</i>	D	xxx	ca 200	xxx	xxx
Krykkje	<i>Rissa tridactyla</i>	O	x	x	xx	xx
Rovterne	<i>Sterna caspia</i>	O	(x)	(x)		
Makrellterne	<i>Sterna hirundo</i>	D	xx	<25?	x	
Raudnebbterne	<i>Sterna paradisaea</i>	D	xx	<100	x	

#### ALKEFUGLAR

Lomvi	<i>Uria aalge</i>	O	x	x	xx	xx
Alke	<i>Alca torda</i>	O	x		x	x
Teist	<i>Cepphus grylle</i>	B	x	x	x	x
Alkekonge	<i>Alle alle</i>	O	x		x	xx
Lunde	<i>Fratercula arctica</i>	O	x	x	x	x

#### DUER

Skogdue	<i>Columba oenas</i>	O	(x)		(x)	
Ringdue	<i>Columba palumbus</i>	B	xx	x	xx	
Tyrkerdue	<i>Streptopelia decaocto</i>	O	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
Turteldue	<i>Streptopelia turtur</i>	O	(x)		(x)	

#### GAUKEFUGLAR

Gauk	<i>Cuculus canorus</i>	D	x	x	x	
------	------------------------	---	---	---	---	--

Norsk navn	Vitskapeleg navn	Status	Førekost			
			Vår	Sommar	Haust	Vinter
<b>UGLER</b>						
Hubro	<i>Bubo bubo</i>	O	(x)	(x)	(x)	(x)
Snøugle	<i>Nyctea scandiaca</i>	O				
Haukugle	<i>Surnia ulula</i>	O			(x)	
Kattugle	<i>Strix aluco</i>	O	(x)			(x)
Hornugle	<i>Asio otus</i>	O			(x)	
Jordugle	<i>Asio flammeus</i>	O			(xx)	
<b>NATTRAVNAR</b>						
Nattravn	<i>Caprimulgus europaeus</i>	O			(x)	
<b>SEGLARAR</b>						
Tårnseglar	<i>Apus apus</i>	O	x		x	
<b>RÅKEFUGLAR</b>						
Bietar	<i>Merops apiaster</i>	O		(x)		
Hærfugl	<i>Upupa epops</i>	O			(x)	
<b>SPETTEFUGLAR</b>						
Vendehals	<i>Jynx torquilla</i>	O	(x)		(x)	
Gråspett	<i>Picus canus</i>	O	(x)		x	(xx)
Flaggspett	<i>Dendrocopos major</i>	O	x		x	x
Dvergspett	<i>Dendrocopos minor</i>	O			(x)	
<b>SPORVEFUGLAR</b>						
Kalanderlerke	<i>Melanocorypha calandra</i>	O			(x)	
Dverglerke	<i>Calandrella brachydactyla</i>	O			(x)	
Sanglerke	<i>Alauda arvensis</i>	C	x	x	xx	x
Fjellerke	<i>Eremophila alpestris</i>	O			(x)	
Sandsvale	<i>Riparia riparia</i>	O	x			
Låvesvale	<i>Hirundo rustica</i>	D	xx	xx	xx	
Taksvale	<i>Delichon urbica</i>	O	xx			
Tartarpiplerke	<i>Anthus novaseelandiae</i>	O			(xx)	
Sibirpiplerke	<i>Anthus hodgsoni</i>	O			(x)	
Trepiplerke	<i>Anthus trivialis</i>	O	xx		xx	
Tundrapiplerke	<i>Anthus gustavi</i>	O			(x)	
Heipiplerke	<i>Anthus pratensis</i>	D	xxx	xxx	xxx	(xx)
Skjærpiplerke	<i>Anthus petrosus</i>	D	xx	xx	xx	xx
Gulerle	<i>Motacilla flava thunbergii</i>	O	x		(x)	
Sørlig gulerle	<i>M. f. flava</i>	D	(x)	(x)	(x)	
Sitronerle	<i>Motacilla citreola</i>	O			(x)	
Vintererle	<i>Motacilla cinerea</i>	O			(xx)	
Linerle	<i>Motacilla alba</i>	D	xx	xx	xx	
Svartryggerle	<i>M. a. yarrellii</i>	O	x		(x)	
Sidensvans	<i>Bombycilla garrulus</i>	O			(xx)	(xx)
Fossefall	<i>Cinclus cinclus</i>	O				(x)
Gjerdsmett	<i>Troglodytes troglodytes</i>	C	xx	xx	xx	x
Jernsporv	<i>Prunella modularis</i>	C	xx	xx	xx	
Raudstrupe	<i>Erithacus rubecula</i>	B	xx	x	xx	(xx)
Blåstrupe	<i>Luscinia svecica</i>	O	(x)			
Svartraudstjert	<i>Phoenicurus ochruros</i>	O	(x)			
Raudstjert	<i>Phoenicurus phoenicurus</i>	O	x		x	
Buskskvett	<i>Saxicola rubetra</i>	O	xx		xx	
Svartstrupe	<i>Saxicola torquata</i>	O	(x)		(x)	
Steinskvett	<i>Oenanthe oenanthe</i>	D	xx	xx	xx	
Ringtrast	<i>Turdus torquatus</i>	O	x		(xx)	
Svarttrast	<i>Turdus merula</i>	C	xxx	xx	xxx	xx
Gråtrast	<i>Turdus pilaris</i>	D	xxx	(xx)	xxx	x
Måltrast	<i>Turdus philomelos</i>	O	xx		xxx	
Raudvengetrast	<i>Turdus iliacus</i>	O	xxx	x	xxx	x

Norsk navn	Vitskapeleg navn	Status	Førekost			
			Vår	Sommar	Haust	Vinter
Duetrast	<i>Turdus viscivorus</i>	O	(x)		(x)	(x)
Stripesongar	<i>Locustella lanceolata</i>	O			(x)	
Grashoppesongar	<i>Locustella naevia</i>	O			(x)	
Sivsongar	<i>Acrocephalus schoenobaenus</i>	O	(x)		(xx)	
Gulsongar	<i>Hippolais icterina</i>	O			(x)	
Hauksongar	<i>Sylvia nisoria</i>	O			(xx)	
Møllar	<i>Sylvia curruca</i>	O	(x)		(x)	
Tomsongar	<i>Sylvia communis</i>	C	x	x	x	
Hagesongar	<i>Sylvia borin</i>	O	(xx)		(x)	
Munk	<i>Sylvia atricapilla</i>	O	x		x	x
Bleikbrynsongar	<i>Phylloscopus humei</i>	O			(x)	
Gulbrynsongar	<i>Phylloscopus inornatus</i>	O			(xx)	
Brunsongar	<i>Phylloscopus fuscatus</i>	O			(x)	
Bøksongar	<i>Phylloscopus sibilatrix</i>	O			(xx)	
Gransongar	<i>Phylloscopus collybita</i>	O	x		x	
Lauvsongar	<i>Phylloscopus trochilus</i>	D	xx	xx	xx	
Fuglekonge	<i>Regulus regulus</i>	B	xxx	x	xxx	
Gråflugesnappar	<i>Muscicapa striata</i>	O	(xx)		x	
Dvergflugesnappar	<i>Ficedula parva</i>	O			(x)	
Svartkvitflugesnappar	<i>Ficedula hypoleuca</i>	O	(xx)		(xx)	
Stjertmeis	<i>Aegithalos caudatus</i>	O			(x)	(x)
Lauvmeis	<i>Parus palustris</i>	O			(xx)	(xx)
Granmeis	<i>Parus montanus</i>	C				
Toppmeis	<i>Parus cristatus</i>	C	xx	xx	xx	xx
Svartmeis	<i>Parus ater</i>	O			x	x
Blåmeis	<i>Parus caeruleus</i>	O			xx	xx
Kjøtmeis	<i>Parus major</i>	D	x	x	xx	xx
Spettmeis	<i>Sitta europaea</i>	O			(x)	
Trekrypar	<i>Certhia familiaris</i>	O			(x)	
Tomskate	<i>Lanius collurio</i>	O	(x)		(x)	
Varslar	<i>Lanius excubitor</i>	O	(x)	(x)	(x)	
Nøtteskrike	<i>Garrulus glandarius</i>	O			(x)	
Skjor	<i>Pica pica</i>	D	xx	xx	xx	xx
Kaie	<i>Corvus monedula</i>	O	(xx)		(xx)	
Kornkråke	<i>Corvus frugilegus</i>	O	x		x	(x)
Kråke	<i>Corvus cornix</i>	D	xx	xx	xx	xx
Svartkråke	<i>Corvus corone</i>	O			(xx)	
Ravn	<i>Corvus corax</i>	D	x	x	x	x
Stare	<i>Sturnus vulgaris</i>	D	xx	xx	xx	x
Rosenstare	<i>Sturnus roseus</i>	O			(x)	
Gråsporv	<i>Passer domesticus</i>	D	xx	xx	xx	xx
Pilfink	<i>Passer montanus</i>	O	(x)	(x)	(x)	(xx)
Bokfink	<i>Fringilla coelebs</i>	O	xx		xx	(xx)
Bjørkefink	<i>Fringilla montifringilla</i>	O	x		x	x
Grønfink	<i>Carduelis chloris</i>	O	xx	x	xxx	xxx
Stillits	<i>Carduelis carduelis</i>	O			(xx)	
Grønsisik	<i>Carduelis spinus</i>	O	x		xx	xx
Tomirisk	<i>Carduelis cannabina</i>	O	x		x	
Bergirisk	<i>Carduelis flavirostris</i>	D	xx	xx	xx	(xx)
Brunsisik	<i>Carduelis cabaret</i>	B	xx	x	xx	x
Gråsisik	<i>Carduelis flammea</i>	O			x	x
Polarsisik	<i>Carduelis hornemanni</i>	O			(x)	
Bandkorsnebb	<i>Loxia leucoptera</i>	O			(x)	
Grankorsnebb	<i>Loxia curvirostra</i>	O			xx	xx
Furukorsnebb	<i>Loxia pytyopsittacus</i>	O			xx	xx
Rosenfink	<i>Carpodacus erythrinus</i>	O			(x)	
Dompap	<i>Pyrrhula pyrrhula</i>	O			x	x
Kjernebiter	<i>Coccothraustes</i>	O	(x)		(x)	
Lappsporv	<i>Calcarius lapponicus</i>	O	(x)		(xx)	
Snøsporv	<i>Plectrophenax nivalis</i>	O			(xx)	x

Norsk navn	Vitskapeleg navn	Status	Førekost			
			Vår	Sommar	Haust	Vinter
Gulsporv	<i>Emberiza citrinella</i>	O			x	x
Viersporv	<i>Emberiza rustica</i>	O	(x)		(x)	
Dvergsporv	<i>Emberiza pusilla</i>	O			(x)	
Sivsporv	<i>Emberiza schoeniclus</i>	B	x	x	x	
<b>PATTEDYR</b>						
ROVDYR						
Mink	<i>Mustela vison</i>	D	xx	xx	xx	xx
Oter	<i>Lutra lutra</i>	C				
HJORTEDYR						
Hjort	<i>Cervus elaphus</i>	C	x	x	x	x
HAREDYR						
Villkanin	<i>Oryctolagus cuniculus</i>	D	x	x	x	x
GNAGARAR						
Brunrotte	<i>Rattus norvegicus</i>	D*	xx*	xx*	xx*	xx*

## VEDLEGG II. KART

Alle kommunar har informasjonen frå viltkartlegginga på digital form. På denne måten kan kommunen sjølv framstille temakart etter behov. I nokre samanhengar kan det vere praktisk å ha viltkart i plotta utgåve. Ved plotting og t.d. ved framstilling av viltinformasjon i kommuneplanen sin arealdel er det vanleg praksis å dele informasjonen i fire tema: 1) Hjortevilt, 2) Småvilt, 3) Opplysningar unnateke offentlegheit og 4) Prioriterte viltområde. I denne viltrapporten er berre kartet over prioriterte viltområde vedlagt. Dette er framstilt på grunnlag av dei andre temakarta (småvilt og opplysningar unnateke offentlegheit, eit hjorteviltkart er lite aktuelt for Fedje) og nokre område er justerte ved fagleg skjøn på grunnlag av opplysningar om fåtalige og sårbare artar og kunnskap om dei aktuelle artane sine krav til leveområde.

Med unntak av opplysningane som er unnateke offentlegheit (t.d. hekkeplassar for enkelte trua og sårbare artar), er underliggende opplysningar allment tilgjenge gjennom Naturbasen på Direktoratet for naturforvaltning sine heimesider: [www.naturforvaltning.no](http://www.naturforvaltning.no)



# Fedje kommune


## Prioriterte viltområde

-  Svært viktig
-  Viktig


## Skog og jordbruksareal

-  Barskog (planta)
-  Lauvskog
-  Jordbruksareal
-  Myr

Kartgunnlaget er nokre år gammalt, slik at det i dag er ein del meir planteskog og mindre jordbruksareal enn det kartet viser. Utmarka er framleis dominert av myr og lynghei. Barskogen på Fedje er er planta gran og buskfu.



Kartframstilling: Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernvd.  
Digitalt kartgrunnlag: Statens kartverk (N50), Geovekst/NIJOS (DMK)







ISBN 82-8060-016-7  
ISSN 0804-6387